Bestemmelser for boklån i
Stavanger kommunebibliotek.

§ 1. Manuskripter, litterære sjeldenheter, ordbøker, plancheverker og karter utlånes ikke, men kan avbenyttes i bibliotekets leseværelse.


§ 2. Kun én bok utlånes til hver enkelt låntaker om gangen. Består et verk av flere deler, utlånes i regelen kun én del om gangen.

§ 3. Ingen bok må uten spesiel tillatelse av bibliotekaren beholdes lenger enn 3 uker.

§ 4. Leveres en bok tilbake skadet eller makuleret, anskaffes et nytt eksemplar for låntakerens regning.

§ 5. Låntakere må, om sådant forlanges, deponere et beløp av kr. 10.oo eller stille fornøden garanti for bøkernes ordentlige behandling og tilbakelevering i rette tid.


NB. Overskrides lånetiden, betales 2 øre pr. dag for hvert bind.



TOV FLATIN

GAMALT FRAA NUMEDAL

V.





KRISTIANIA
OLAF NORLIS FORLAG
1923

PRENTA HJAA NIKOLAI OLSEN



I denne samlingi er meste deilen av det fraa dei øvre bygdine bruka landsmaals rettskrivning paa, avdi bygdemaali der er so greidt landsmaal, som ein vil eige det. Flesbergmaale hev eg skrive etter uttala, so langt som det hev lati seg gjort utan aa bruke ljodskrift.

Lyngdal i Numedal 26. oktbr. 1923.

T. F.



Trolldom.

Han Lars Tòrskjemogen.

(Fraa Svene).

Han Lars budde i Øvre Fuggllia et bel. Engong mæ 'n va dær, saa skulle 'n Gubbrann Akkslagsrud ligge mæ 'n ei natt.

„Men du bli vel rædd, fær hær æ noko urole,“ sa 'n Lars.

Men Gubbrann meinte paa 'n va kje rædd.

Som døm hadde lagt sei om kvæln, saa bynnte dæ, som dæ skulle trille ærtær utover skjinnfellen; men Gubbrann berre lo han aat detta.

Da dæ hadde hølles et bel, tok dæ te rulle aa tulle saa fullt mæ kattongær paa skjinnfellen; men han Gubbrann lo berre da au, han.

Da fekk 'n sjaa ei stor svart hann oppunner take over senga, aa da vart 'n saa rædd, at 'n skreik.

*

Han Lars færtalte sjøl, at han aa kjæringa laag i Fuggllia, i bua dær. Dæ hørte je naa sjøl 'n svælla om, saa dæ æ naa sikkert som en spiker. Som 'n hadde lagt sei om kvæln, saa fekk 'n høre,

dæ gjikk innpaa butrammen aa bort te dæ eine lafte aa kleiv opp etter dæ aa opp paa take aa tok te aa kaste spon a, saa 'n hørte dæ skjuga i lufta. Aa som dæ va færi paa den eine sia saa bynnte dæ te paa den andre, aa hævde a, saa 'n trudde kje dæ kunne finnæs att en ennæste spon. Som dæ va gjort, saa tok bua te sjælve, saa dæ risste. Da Lars laag like role, saa bynnte dæ aa saale ærtær ne paa skjinnfellen, saa dæ va saa dæ druste.

„'N tænkte vel, 'n skulle faatt mei te ti etter ærtænn; men je hølle mei te døm tri personænn, je," sa 'n Lars.

Da vart dæ stillt.

Spon laag naa paa bua, som 'n hadde li, kann du veta.

*

Ei ti etter 'n Lars hadde flutt fraa Fuggllia, kom en tømmerkjøræer neante til en maaraa om vinteren. Da fekk 'n sjaa lyunn i Øvre Fuggllia staa i lys laagaa. 'N saag, hossen flammunn slo ut møllom veggemota. Men da 'n kom oppaat, saa va dæ ingen ting.

*

Engong mæ 'n Lars laag brennte mile i Tòrskjeivju, kom dæ enn aa tok aa hævde 'n jamhøgt mæ tretaappænn.

*

Engong gjikk 'n heime paa tone aa slo, saa bynnte 'n te banne aa hævja ljaaen, aa sa 'n ville te Rinnom aa drepa gamle Rinnom'n.

„Æ du gælen, haa vonnt har han gjort dei!" sa døm.

„'N har sli stølpænn unna fjøse mett oppaa sætra," sa 'n.

Aa saa gjikk 'n opp paa sætra, aa da laag fjøse hass ne i dæla.

*

Dæ va støle a gamle Dyrebu'n, aa saa visste 'n inkje, haa dæ va fær enn, som hadde gjort dæ. Saa kom 'n te Dyrebu, 'n gamle Lars. Uti gangen sto dæ en vass-saa hælv a vatn. Dyrebu'n aa han sette sei inni stugo te svælle. Saa sir 'n Lars dæ:

„Naa kan du gaa ut i gangen aa glana i vass-saa'n, saa ser du kjuven," sa 'n.

Aa han saa gjore, aa dær va 'n.

„Vil du naa hævne 'n, saa kan du berre peka paa ærmen hass, saa dett den aav, aa pekær du paa beine hass, saa flyg dæ aav, aa pekær du paa augo hass, saa bli 'n ennauga," sa 'n.

„Nei je vil inkje hemne 'n, fær dæ æ drengen men," sa gamle Dyrebu'n.

*

Vi va te Tveiten, han Lars aa je, mæ ei yksne-kjyr, aa saa vart vi nekta uksen. Gamle Tveiting'n va kje heime; men radt vi hadde gaatt, saa kom 'n, aa 'o Kari, kjæringa, færtalte dæ.

„Dæ skulle du inkje gjort, aa nekta uksen te 'n Lars," sa 'n.

Saa kom dæ ei lita gjente flygannes etter uss aa sa, vi skulle faa 'n.

„Dæ vil je inkje, fær mann har bruk fær fille-uksen sin sjøl," sa 'n Lars.

Men hver kjyra i Tveiten kasta naa kælven om vinteren lell.

*

Da 'n Lars laag klein aa skulle døy, saa va 'n Taastein Unnerberje innom aa saag te 'n. Da ga dæ paa aa gnesta i veggemota i roa over senga, dær 'n laag. Dæ va heiltopp, som dæ skulle vara fullt a santhans-ørm inni heile roa, færtalte 'n Taastein.

*

Gamle Tòskjemogen fjettra enngong enn, som ville paa frieri te daatter hass, ho Marit. Døm saag hossen 'n hadde gaatt att aa fram i Tòskjeivju paa enn liten flekk. Dæ va kælle vinternatta, aa om maaraann fant døm 'n ihjælfrøsen.

*

Han Lars hadde naa Svarteboka au. Enngong hadde han løst saa færmange smaadævlær, at 'n fekk inkje bønne døm igjen, aa da maatte 'n faa presten Engelhært te hjølpe sei.

„Je faar vel gjøre de denne gang, men ikke mer," hadde presten sagt.

*

Je saag enngong 'n Lars kom leiannes te by'n mæ ei kjyr. Som 'n kom paa Nybrua, der slepte han kjyra, la hennænn paa ryggen aa kjyra følgd'n som ei bikkje — 'n trølla 'o mæ sei, ser du.

*

Knut Skulemester va mæ skule i Tòskjemogen; skulen skulle vara dær tri dagær i aare. Fysste venna han var dær, saa dansa dæ huse runnt, færtalte han, læt opp dynnær aa skaap aa sopa golve heile natta, saa 'n færmeinte sei paa, 'n æller kom dær meir. Aa sea sløyfa 'n skulen dær.

*

Graatgutten laag i Øvre Fuggllia, som 'n Lars hadde.

„Saag du den slemme dær?“ spurte døm 'n.

„Nei je saa ham ikke, men je hørte han skrapte i nogen faa ben,“ sa 'n.

Denna Graatgutten va enn stakkær, som gjikk aa ba sei, aa saa svælla 'n saa rart.

*

Han Lars ville faa kjørefølje te by'n mæ ei gammæl ei fraa Østgjore, men saa høvde dæ saa, 'n fekk inkje dæ. Da vart 'n sinna, aa da kjæringa kom ett stykkjy paa veigen, saa datt sælann beint ta hesten, aa 'o kom naa inkje lenger.

*

Enngong saa kom naa hesten fær døm paa Østgjore saa beint bort fær døm i enn liten hestehaga, at 'n va som 'n va søkkenn ne. Dæ va Lars, som hadde være ute mæ spikka sine igjen.

*

Ei natt dæ va saa straalannes fint maanelyst, kjørte nokon dælværingær færbi Tòskjemogen. Da

fekk døm sjaa, dæ kom enn mann ut or stugo aa gjikk over tone aa stupa sei paa hue te ølla.

Baade enn aa a'n saag dæ ga paa aa stupa sei enn bekær te denna ølla i Tòskjemogen. Teslutt vart døm lett detta, aa saa vart 'o igjensteina.

*

Han Herbrann Bergje kjørte dær færbi Tòrskjemogen ei natt. Da vart hesten hass høllen, saa 'n va kje aa faa a tverre flekken. Men saa gjikk 'n fram aa saag mølløm oreringen, aa da fekk 'n sjaa enn, som sto aa hølle` hesten. Han slepte i dæ samma, aa da kan dæ henne dæ bar agaare.

*

Døm ga paa stal søll ve gruvunn. Enngong vart folk kælla inn aa skulle gjøra greie fær haakk'n hadde gjort søllknappænn døms. Gamle Lars Tòskjemogen kom suggannes inn mæ nokon digre søllknappær i vest aa trøye, aa saag ganske toskjenn ut au.

„Vet du hvem har gjort trøyeknappene dine?“ spurte skriværen.

„Jaha, je gjør au dæ,“ sa 'n Lars.

„Hvem er de da?“ spurte skriværen.

„Dæ æ 'n Lars Tòrskje,“ svara hinn.

„Hvor er han henne?“ grov skriværen.

Dæ ville Lars liksom kje ut mæ, men endele saa sa 'n naa dæ, at mann va dø, men haa 'n fór henn dæ visste 'n inkje.

Han Knut Trølleru.

(Fraa Svene).

Han Knut va trøllmann han au. Enngong skulle 'n Ola Ramsru ligge mæ 'n om natta. Da døm hadde lagt sei, saa spurte 'n Ola, om dæ va kje best aa sløkke lyse.

„Aa dæ sloknær nok dæ," meinte 'n Knut.

Som dæ lei paa ett bel, saa sømna 'n Ola; men utpaa natt vakna 'n att, aa da brann lyse like gæle aa Knut satt i senga saa svett, at dæ sila a 'n, aa song feleslaattær, aa frampaa golve dreiv nokon smaafant paa aa dansa paa heite hælinga.

Gamle Bakli'n.

(Fraa Svene).

Gamle Bakli'n døm kælla, Ola 'eite 'n, va gjift mæ Anne Vestre Ullann, daatter te Kristen aa versyster te 'n bestefar, han Tostein. Han skulle gaa i lære hos enn trøllmann hær paa Eikermo'n, bor unner bakken. Men da 'n hadde vøre dær noko, vart 'n gælen. Dæ va svarteboka 'n skulle ha, men fysst maatte 'n lære bruke 'o, veit du, aa da va dæ 'n vart vettlaus. Døm sette ett bann i veggen aa batt 'n dær aa læste banne. Dær hølle døm 'n bønnen ett aar — da vart 'n bra.

Men han hadde nok lært noko lell, hølle døm fær. Dæ va saa rart. Da je va femten aar gammæll, saa høgge je mei saa stygt i foten, at je hølle paa aa blø ihæl. Je laag i senga aa blødde, saa dæ rann møllom sengeklæo aa hælmen aa paa

golve. Da kom 'n Ola, aa døm færtalte hoss'n dæ sto te mæ mei.

„Dæ va moro sjaa paa dæ," sa 'n.

Aa saa tok 'o mor a denna blotøysa, aa da sto dæ enn blosprit te værs. Saa tok 'n aa strauk mæ begge hennænn langs etter beine, aa da stana dæ, saa dæ raadde inkje blosdraapaann meir.

„Dæ ser ut som dæ stansær," sa 'n.

Hellsaa hørte je inkje, 'n sa nokon ting mæ lesing aa saavøre. 'N va saa faamælt støtt den Ola'n.

Sea fekk je saarfeber, aa foten vart stiv. Sønnda'n før va je i skaugen aa gjikk paa jakt, je aa enn grannegutt. Da kom dæ saa færunnerle fær mei i tanken, hoss'n dæ skulle bli aa klara sei aa gaa i skaugen mæ stivt bein, aa je prøva aa hølle den høgre foten stiv aa skulle sjaa aa faa 'n mæ mei over kvist aa i ulenne. Onsda'n etter va dæ je høgge mei, aa høgre foten vart stiv.

Han Tore Olsen.

(Fraa Svene).

Enn døm kælla Tore Olsen skulle ha Svarteboka aa va trøllmann. Han va hær fraa Kongsberg. Men saa ville 'n ha ei *dra'daakke*, aa denn kunne 'n inkje faa mæ den Svarteboka aa lærdommen 'n hadde. Saa gjikk 'n te enn, som va noko høgære lært, aa han sa, at 'n skulle gaa te ei kjørkje aa pikke paa dynna tri torsda'skvællær etter in'nan ve tøllstimen. Han saa gjore, gjikk te gamle

Fiskom kjørkje aa pikka paa dynna. Men fysste torsda'skvæln da hørte 'n ingenting. Andre torsda'skvæln hørte 'n ett fælt brak aa enn dur. Trea kvæln kom 'n att, aa da 'n hadde pikka paa dynna, saa gjikk 'o opp, aa han gjikk. Da kom dæ imot 'n enn mann i full prestedrakt mæ ei bok unner ærmen aa spurte haa 'n ville. Jau han ville da faa ei dra'daakke. Ja dæ skulle 'n faa, sa denna presten, men da maatte 'n skjera sei i høgre veslefingen aa skrive namne sitt mæ blo i boka hass. Dæ hadde 'n Tore inkje haug te aa haapa unna aa ville utatt. Da vart denna presten stri aa ville ha 'n te skrive, aa dæ kom saa fullt ikring'n, at døm va færie te rive 'n sunn. Da vart 'n Tore rædd aa tok te lesa or Svarteboka aa fekk bønne att detta tyrase aa kom dær ifraa.

Dæ budde enn mann i Søre Ullann, som døm hølle fær kunne trølle, aa saa va 'n slik enn raskekjuv i garænn. Han hadde ingen hest, men 'n hadde faatt kjørt inn ei mile paa Dammyraasen. Dæ hadde 'n gjort om natta mæ hestænn fraa Nor-Ullann, dær 'n bestefar budde. 'N undras ennda saa 'n bestefar, hoss'n dæ kunne ha sei, at hestænn va saa svette enn maaraa, døm hadde gaatt paa hoa paa gjore. Sea fekk 'n greie paa dæ.

Denna Ullannmann hadde gaatt aa sagt, at dæ snart skulle koma ett lik a Skaugen. Saa vart 'n bestefar klein, dæ 'n pissa va liksom bloblanna, aa 'n trudde grannen hass hadde vøri ute mæ no spikk. Da kom 'n Tore Olsen. Han va naa som enn gjest i huse, aa døm færtalte hoss'n dæ va mæ 'n bestefar.

„Ta denne drammen,“ sa 'n Tore, aa han dæ gjore, aa bra vart 'n.

Han Truls Sønstebø.

(Fraa Svene).

Mæ je va liten, saa hadde je vridd mei i knee. Saa va dær enn dær heime paa Ullann 'ette Truls Sønstebø borante Sigdæl. Han fekk greie paa dette beine mitt, aa saa tok 'n to breskepinnær aa la i kørs paa knee mitt, aa saa skulle 'n far spørja 'n, haa dæ va fær noko 'n gjore.

„Je høgg vré
otor lé
aa i vé
paa 'n Sjur Olsen Ullann,“

sa 'n, aa saa høgge 'n mæ kniven i dessa pinnænn. Detta gjore 'n tri vennur, far spurte aa han svara aa dæ gjikk saa allvaarsamt aa høgtidele fær sei, hugsær je.

Ho Anne Sjursdaatter Møte.

(Fraa Svene).

Ho Anne gjore *ve* fær vre aa ana vonnt paa folk aa fé. Je va jamvæl te 'o enn gong je. Ho pautra aa bles aa les i noko, je fekk i ett glas, som je skulle smørja ei kjyr mæ, som va hælt.

Aa saa kunne ho naa gjøra ve fær ørmestyng, aa dæ va naa saa mange, som va te 'o.

Han Hællvor Løsstahaugen.

(Fraa Svene).

Han Hællvor va mæ enn gammæll enn vestpaa fjelle aa fiska. Saa kjøpte døm mjølk paa ei sæter,

men kjeringa vassblanne 'o fær døm. Da tok denna gamle mann ei viu aa smurte paa noko, aa saa sa 'n dæ te 'n Hællvor:

„Naa gaar du opp i fjøse i kvæll aa gvispær den beste kjyra unner jure mæ denna du!“ sa 'n aa flidde 'n denna vio.

Han saa gjore, aa om maaraan mjølka kjyra bare idele blo.

Han Taastein Stemning.

(Fraa Svene).

Dæ va ei svinemerr, ei trollhekse, som va saa stygg aa ihopkropin. Saa hadde vi ei kjyr, vi, som ho hadde slik agonn paa. Ein kvæll 'o kom heimatt rann tommænn tor kjeften paa 'o. Saa tok 'o Anne, kjæringa mi, ut ne te 'n Taastein Stemning — dæ va slekk enn skrott, som kunne gjøra ved baade fær dæ eine aa andre, dæ.

„Vil du je skæ skjikke dæ heimatt?“ sa 'n.

„Ja dæ vil je,“ sa ho; „dæ æ best døm faar dæ att igjen.“

„Vil du kjyra hennæs skæ ligge dau paa baasen i maaraa?“ sa 'n.

„Nei dæ maa du inkje,“ sa 'o.

„Ja naa skæ je gjøra ve kjyra di, saa døm æller skæ faa sett noko vonnt paa 'o meir,“ sa 'n.

Aa dæ gjore 'n. Vi hadde 'o i nitten aar. Teslutt laag 'o oppmæ røysænn hær, orka kje gaa, ser du. Men gudbevaremeivel haa 'o mjølka.

Han Anners Bikjenn.

(Fraa Svene).

Han Anners korsa fær ei likfær, som kom etter 'n. Da sa døm dæ døm som va mæ:

„Du har vel rask hest, Anners, men hær skæ du faa følje!“

Han Anners kjørte saa fort hesten orka springe; men døm va etter 'n, aa hadde 'n inkje faatt kømme inn paa kjøregaren aa fønne sei ett bein a enn dø enn aa strøke hesten mæ, saa hadde døm vel rivi sunn baade hesten aa hannom.

Han Ola Larsson Tòrskjemogen.

(Fraa Svene).

Han Ola, son te 'n Lars Tòrskjemogen, var kje fri anna 'n kunne noko han heller.

Han va hær nepaa Ramvik, aa saa kom 'n Gullek Kjittilson Fønnset dær riannes, aa han hølle noko gøy mæ 'n Ola, han va liksom lite rar han, ser du. Men da Gullek skulle te i riing igjen, saa vart 'n riannes i enn runn ring i tone, aa uttaom den ringen kom 'n inkje. Teslutt hadde 'n maattja te bett paa 'n Ola, at 'n ville sleppe 'n agaare igjen.

*

Han kunne fjetre gvefsen au den Ola'n, dæ saag je naa, dæ. Han va hær aa slo, aa naa' vi kom te ett gvefsebol, saa flaug naa vi, men da gjikk

han Ola boraat aa kaaraa i bole aa gvefsen drog sei innatt.

„Je trur inkje hær æ nokon gvefs, je,“ sa ’n. Men saa banna je, fær je hadde hørt, at ’n kunne løyse ’n att mæ dæ. Aa da kom dæ færsyne mei saa mykkjy gvefs, at dæ va svart om uss, aa vi slo aa sprang baade vi aa ’n Ola.

„Dæ va di skull dæ!“ sa ’n da.

Da kom sanninga; ’n ville inkje vara denn, at ’n fór mæ slikt, ser du.

Han Lars Trølleru.

(Fraa Svene).

Han Lars aa nokon andre karar satt aa tura. Saa vart dæ ænne paa brænnvine. Da ba ’n døm gaa ut i gangen aa sjaa i reisestøvlænn aat enn, som va mæ. Da sto døm fulle a brænnvin.

Han kunne magtstæla hestænn han au liksom Tòrskjemog’ingen.

Sistpaa budde han i Tronru ovomm byen. Dæ va en liten tettvaksen kar.

Han Jokkum Linnbu.

(Fraa Svene).

Han au va trøllmann. Han aa Trølleru’n budde inkje langt fraa ennann, aa je trur, døm hadde vøre berjmænnær fyre 1805 baae to. Døm va mykkjy sammen, og døm hadde visst mangt rart fær sei; men je har kje hørt saa mykkjy tæ dæ.



Korpestein.

(Fraa Svene).

Korpestein va slek laga, at 'n kunne gjøra folk usynle'e. Han *Knut Sørnsen*, døm kælla, klauv opp i Dyrebukollen aa ville faa tak i en slek korpestein, fær dær hadde korpen reire sitt; ser du.

Han baska lengenn aa bygde sei fram aa kom opp i reire au aa hekk dær aa venta, at korpen sjøl skulle kaamaa aa legge en stein i kjeften paa ongænn senne, da vart døm usynle'e, aa saa ville han faa tak i døm igjen han da. Etter som 'n færtalte, kom gamlekorpen mæ stein i kjeften. Men ungænn fekk 'n inkje tak i. Han Knut trudde naa paa detta saa lengenn 'n levde. Han ville saa gjenne hatt en korpestein, saa kunne 'n støle saa mykkjy, 'n ha vilja, let'n omm.

*

Han Knut budde i ein plass unner Kopangen, døm kælla Sørnsplassen. Da 'n laag fær dø'n saa ville 'n bekjenne nokon løyndommær mæ trølldom aa ana slikt; men 'n va saa klen, aa dæ va saa paa kvitt'n mæ 'n, at døm skjønna 'n inkje.

Han Knut Hagann.

(Fraa Svene).

Han Knut Hagann hadde gjort avtale mæ Fa'n, at han skulle kaammaa aa hente hannom en viss dag

aa et visst klukkeslett. Istaen fær dæ, hadde Knut faatt makt te baade dæ eine aa dæ andre. Dette færtalte han sjøl.

Da dagen kom, aa Knut skulle hentas, satt dæ tvo mann aa hølle vakt over 'n; men lell fekk 'n kømme sei ut, aa borte var 'n, aa æller saa døm 'n meir. Dæ gjikk jamvæl manngar etter 'n, aa dæ va seinhøstes, saa dæ va rima; men dæ va kje daatt hell døme etter 'n.

Børsa.

(Fraa Svene).

Naa' dæ va ei børse, som inkje ville drepa, saa va døm i kjørkjetaarne tri torsda'skvællær aa fila noko av klukkune aa hadde i 'o. Da drap 'o.

Han gæmle Gubbrann Ravnaas.

(Fraa Svene).

Han Gubbrann va trøllmann. Engong va 'n paa ei stelle, aa saa bar kjæringa sei saa ille fær kaffefløte. Da sette Gubbrann kniven i veggen aa mjølka berre fløten tor denn.

Han Knut Tangen.

(Fraa Lyngdal).

Dæ som hær bli færtalt, har hennt bori Eggedæl; je æ naa kømmen dærifraa engong i tia.

Han Anners Kopse hadde tennt paa nokon eisur i Østeinbraataann, aa saa tok dæ ut skaugærværme,

fær dæ va tørt om saammaaren, aa døm fekk inkje sløkt. Saa va dæ en gammæll enn, som 'ette Knut Tangen, som va trøllmann, aa saa henta døm hannom. Han va saa gammæll da, at 'n berre saa vidt orka fløtta den eine foten færbi den andre. Han kom, aa saa gjikk 'n i en ring rundt værmen aa drog staven etter sei. Dæ gjikk to dægær, fær 'n kom rundt; men værmen kom kje over den ringen, han hadde gaatt.

*

'N Krestaaffer Tangen aa 'n Gu'brann Braataann fann ett bjønnehie paa Ulberjmørka engong. Saa støkte døm bjønn tor hie aa gjikk etter 'n enn dag. Men da fekk den gamle bjønneskjyttæren Lars Fagerli greie paa dæ, aa han hadde faatt snosen i, at dæ skulle kaammaa en engelsmann, som hadde sagt, 'n ville ha en bjønn, haa dæ skulle kaaste 'n.

Saa reste 'n Krestaaffer heimatt aa sa dæ te far sin, at Fagerli'n hadde kømme aa ti bjønn ta døm.

„Ja la døm ha 'n," sa gaml'n; „dæ skæ bli lengenn fær døm faar 'n."

Fagerli'n ringa inn bjønn i snøen aa fekk mæ sei, je trur dæ va enn trædve-førrkjuge mann teslutt, aa døm skaut paa n i eninga, men dæ beit ingenting paa 'n. Bjønn gjikk garimøllom dær, men døm fekk inga raa mæ 'n. Teslutt saa henta døm Kjittilsberjs-karænn fraa Soknedælen. Han far aa je va oppi Aasannmørka etter tørrgran, aa da høksær je, vi hørte to skøtt paa myra unner Veslesæteraasen. Dæ va visst Edvart Kjittilsberj, som

skaut; men dæ laag bærre att enn haardaatt, aa han Edvart hadde sagt, at 'n æller hadde skøte feil paa noko dyr.

Saa bar jakta norover mot Ringnes aa Langebraataann aa ne i Frøvollsgarænn aa dær skaut Reiær Bøle ei kule møllom kjeften paa 'n, saa blye sat att i tanngaren paa bjønn; men 'n gjikk like godt. Da bar dæ vestover mot Storehovden, aa dær skaut 'n Krestaaffer Olsen Aaslann 'n mæ ei søllkule. Da hadde døm gaatt etter 'n i tri vikur. Sea vart 'n stelt upp paa laaven i Søllann, aa dær fekk engelsmann skøte paa 'n; fær 'n ville ha senste skøtte. Men da va naa bjønn dau, da.

Ei taterkjæring.

(Fraa Svene).

Dæ va engong ei taterkjæring, som kom te presten aa ba om aa faa noko mjølk.

„Nei," sa presten; „saanne folk som du skulle settes fast," sa 'n.

Kjæringa bar sei ille, ho hadde mange smaa, aa 'o maatte ha mjølk. Men dæ va *nei.*

Da tok kjæringa slirkniven sin aa høgge den inni veggen aa sette mjølkespanne sitt unner aa mjølka saa fro'o valt.

„Naa kan du gaa bor i fjøse aa sjaa," sa 'o; „naa har je mjølka den kjyra . . ." aa saa sa 'o namne paa kjyra aa baasen, 'o sto i; „denn treng de inkje mjølke ikvæll," sa 'o.

Aa saa va dæ.

Ei taterkjæring te.

(Fraa Svene).

Dæ budde en sme uti Roseplassen fær lang edele ti sea. Saa kom dæ ei taterkjæring inn i smio te 'n aa ba'n, om 'n ville gjøra nokon brøddær fær 'o, fær dæ va slikt et haalkeføre.

Nei smeen hadde inkje ti.

Da gjikk kjæringa ut att; men som dæ lei paa, kom 'o inn att aa ba paa 'n igjen, at 'n ville gjøra nokon brøddær fær 'o.

„Nei, je skæ smie hess'sko, je,“ sa 'n; „je har kje tid te staa mæ slikt.“

Saa sto 'n nettopp mæ en hesko i taanga, hadde bøgd 'n te aa ælt. Da treiv 'o den raue hess'son i bærre hænnænn aa tøgde 'n ut te en tein aa slengde 'n bortpaa stabben te 'n.

Hær ser du, haa je kunne gjøra ve dei; men je vil inkje gjøra dæ,“ sa 'o.

Men da gjore 'n brøddær fær 'o.

Fønneru-kvenna.

(Fraa Svene).

En mann uti bygda hær, døm kælla Ola Mindre, kom te Fønneru-kvenna mæ en liten sækk, 'n ville faa mala. Men saa hadde inkje Fønneru'n ti te mala fær'n, sa 'n.

„Du kjem naa inkje te mala i kvæll likevæl,“ sa 'n Ola.

Da reiv Fønneru'n ne dæmma aa kvenna stana. Men saa bynnte 'o aa gaa att — vrangsøles, gutt, ta sei sjøl.

„Du faar dra opp att dæmma, saa kan dæ hænne, 'o stanær da," sa 'n Ola.

Han saa gjore; men da tok 'o te svive saa fort, at 'o va færi te gaa a sigle, aa dæ rare va, at 'o gjikk vrangsøles da au.

*

Den Fønneru-kvenna gjikk saa ille kønne, færtæl døm. 'N kunne bæra mjøle heimatt i børsvolk, sa døm.

'N Ola Strykopp va dær aa mol engong.

„Da je kom heimatt mæ mjøle, saa tok kjæringa a dæ aa laga klubb; men busta sto ut paa ælle kantær. Saa tok je en klubb aa bysta mei mæ, aa Gud færsyne mei tok 'n inkje lusa like saa dæ hæggla!" sa 'n.

*

'N Ola Mindre fekk en vekslepenge, som 'n æller vart kvitt. Om 'n hannla 'n bort, saa fekk'n 'n att, aa om 'n hævde 'n te vatne — naa 'n kjennte i lomma, saa va 'n dær igjen.

Saa vart 'n rædd 'n te slutten, aa saa spurte 'n ei trøllheks, haa 'n skulle gjøra ve 'n. Ho sa, 'n skulle legge 'n i et aaskekvartel aa skrive kørses betegnelse mæ fingen i kvartele.

Dæ gjore 'n, aa da vart skjellingen borte.

Han Hans Kolkjinn.

(Fraa Svene).

Han Hans fór mæ lite trøllskap, han au. Men saa sa 'n dæ presten te 'n, at 'n inkje skulle fara mæ slikt, naa' inkje kunne gjøra dæ likære.

Saa ville Hans faa veta, haass'n 'n skulle bli kvitt fa'nskape. Presten sa, 'n skulle ta en søllpæng' aa knyte inn i et plægg, aa knyte saa mange knutær, som 'n fekk, aa saa skulle 'n gaa ne paa kjøregaren en tosdas-kvæll aa hævja fraa sei detta knyte dær aa springe over muren att saa fort 'n kunne. Aa spurte dæ, om døm skulle rive ell løyse, saa maatte 'n svara, at døm skulle løyse.

Hans gjore, som presten sa; men da 'n skaut sei over muren, saa kjente 'n kloa i nakken . . . .

Spikjinn.

(Fraa Svene).

Det var en luttengravær, som raaka paa et beinrangel, haa 'n grov henne paa kjøregaren.

Saa raaka 'n ei heksekjæring, aa ho talte 'n te, at 'n skulle ta detta beinrangele aa setta dæ i ei ro oppi kjørkjesvala, saa vart 'n kvitt dæ ve gravinga.

Han saa gjore. Aa ve dæ at detta sto dær i svala i aarevis, saa vart dæ kælla Spikjinn.

I en plass ve kjørkja satt døm aa drakk aa spella kort, aa dær va ei gjente, som 'ette Aase. Da ho kom innatt tor fjøse mæ mjølka, saa sir 'o dæ te dessa karænn, som hølles ve bore, at døm skæ slutte aa drekke aa spella kort, elles ville 'o hente Spikjinn oppi kjørkjesvala.

Ja, ville 'o gjøra dæ, saa skulle døm slutte radt, sa døm.

Gjenta drog ut aa kom langannes att mæ Spikjinn paa ryggen aa la 'n paa bore te døm.

Da sa døm dæ te 'o, at døm ville legge ihopes

te ei mark te 'o, dærsom 'o ville bæra 'n oppatt i kjørkjesvala, aa ho slengde 'n paa ryggen aa drog att-i-veig mæ 'n. Da 'o kom i kjørkjesvaldynna mæ 'n, saa va 'n saa lang, at 'n gjikk opunner.

„Bukk dei, Aase!“ sa 'n Spikjin da.

Saa sette 'o 'n fraa sei i roa, dær 'n hadde sti.

Men saa tok 'n te aa bea paa 'o, om 'o ville hente et lite knyte næste tosdags-kvæll aa legge dæ jamsis 'n — dæ laag i kjællærmuren paa en gaar inkje langt unna.

Ho gjore dæ; saa saag ingen meir te Spikjinn.

Presten Wille.

(Fraa Svene).

Han gamle Gubbrann Haugen va i Prestegaren aa hakka bar fær Wille, aa da 'n gjikk neatt om kvæln, saa stal 'n mæ sei barkniven. Saa kom 'n te Prestegaren att.

„Tok du me dei barhakkeren da, Gulbrann?“ spurte presten.

„Je, har inkje ti nokon barkniv,“ sa Gubbrann.

„Pass dei Gulbrann, ellers saa skal jei ta skjinnbokse-ræva di aassaa, jei,“ sa presten.

Gubbrann hadde støle skjinn a presten te bøte skjinnbuksa si i ræva mæ.

Da kom 'n att mæ kniven.

Han Lars Trølleru.

(Fraa Svene).

Han Lars hadde ti paa sei en stor tømmerakort oppi aasen ovafyre Trølleru, oppi Skarliænn. Men

saa gjore 'n ingen ting, aa vaaren kom, aa tømmere skulle mærkjæs, aa formann va saa vill, som vente kunne vara, fær da han møtte opp paa vælta mæ mærkjærænn, saa va dær inkje kømme en staakk.

Da tok Trølleru'n mæ sei drengen aa gjikk opp i lia, aa saa høgge døm ett tre aa gjore dæ færi aa tok dæ mæ sei aa la dæ opp paa vælta.

Saa ba 'n mærkjærænn gaa unna lite.

„Ælle som denn!“ sa 'n, aa peka paa staakken, som laag dær.

Da vart dæ et brak, saa jora riste, aa tømmere tor heile lia kom aa la sei fint paa vælta, høgge aa færi.

Aa døm te aa mærkje.

Han Knut Strann.

(Fraa Lyngdal).

Han Knut færtalte 'n hadde Svarteboka. 'N hadde faatt 'o a far sin ve enn stor stein i Vatnebryngjore, sa 'n.

Han tedde elles saa jamt fram en pappirlapp mæ grøne aa raue aa svarte strek aa krokar paa.

„'N æ saa go aa ha fær ørmstyng aa slekt,“ sa 'n.

Haugetuss og huldr.

Haugetussen i Huse.

(Fraa Lyngdal).

Dæ va en plass øvst i gjore paa Søre Bekkjonn, som 'ette Huse, men som naa æ utlagd fær lang tia sea. Ei gammæll ei, som 'ette Ingebør Hagann, som æ dø fær mange aar sea naa, færtalte, 'o va dær aa baakaa. Etter 'o hadde gjort ifraa sei med baakinga om kvæln, skulle 'o ut ett æren fær sei sjøl. Oppaa ei lita ækre fekk 'o sjaa en liten kar i graae klær aa rau toppluve. Han gjikk mæ en brøssleiv paa hue aa stødde opunner mæ flate hennænn. Dæ va utpaa vaarparten aa dæ hadde kømme lite nysnø. Vinterveigen østover skaugen gjikk nettopp færbi dær, aa ho gjikk oppaat aa ville sjaa, om dæ synte nokon farveig. Men ingenting.

Ho gamle Ingebør færtalte au, at dæ hadde vøre nokon folk før dær i Huse, aa døm hadde dyrka haugetussen, aa sea hadde 'n hølle sei dær.

*

Gamleklukkæren, Sjursen, legde Huse ett aar. Han færtalte, 'n æller kunne gjøra noko ell hølle nokon lærm, naa' dæ vart seint, fær da vart dæ saa urole baade ute aa inne — hamra aa dundra aa let. Men saa va dæ engong, 'n hadde færdrygt sei mæ noko ana, saa 'n maatte te skjole aa høgge sei et veafanga etter dæn tia, dæ skulle vara stillt, aa kom innatt mæ dæ. Stugo va gammæll aa hælla lite, saa dynna gjikk opp paa vi vegg ta sei sjøl. Han la ifraa sei ve'en, men da visste 'n inkje a, før dynna vart smelt att like saa dæ riste aa skok i stugo, aa 'n saag kje levannes krype, som gjore dæ.

Jutulhøle.

(Fraa Lyngdal).

Vestpaa Blefjell æ dæ enn høg natte, aa øvst i den æ dæ et høl 'eiter Jutulhøle. Neunner æ dæ ei rapur. Inni detta hole hølle en jutul te, aa innst inni høle sto dæ bønne ei bikkje. Sommetier saag døm jutulen skræva over dælen fraa Blefjell te Flekksaasen.

Huldra leikær.

(Fraa Lyngdal).

Fær saa en trædve aar sea, færtalte 'n Ola Letmolia, kjøpte je aa morbror min, han Ola Grønnli, Nor-Dælagars-mørka te uthøggst. Han Ola hadde ti paa sei noko a kjøringa aa hadde to guttær mæ sei. Saa va dæ en dag i mørkinga, guttænn hadde rest neover mæ ei tømmervenne, aa han vart att aaleine. Da fekk han høre, dæ tok te aa leike saa

vent bori nokon nattær inkje langt ifraa. Han gjikk endaa nokon steg attende, aa sto aa lydde.

„Men saa veunnerle fin laat har je nok æller hørt, je," sa 'n, da 'n færtalte om detta.

Ola va en truværlenn mann, aa æller va 'n rædd.

Haugetussen staar paa skji.

(Fraa Lyngdal).

Han gamle Sjur Haave møtte engong en hælt haugetuss paa Tovskjenn. Saa spurte 'n Sjur 'n, hossen dæ hadde gaatt te mæ beine hass. Jau fær hundre aar sea hadde han sti paa skji utover Tekslehøgge, aassaa hadde han døtte aa brøte beine a sei, sa 'n. Aa saa rega 'n agaare.

Haugetussen sløss.

(Fraa Svene.

I gamle dar var dæ en haugetuss paa Gvam aa en paa Aaru, aa døm drog hverr te sin husbonn. Om vaaren ga døm paa aa stal høy a ennann. Engong møttes døm mæ hver si bør, aa dæmæ rauk døm ihop i slagsmaal, saa høyføykja sto. Dæ va i mørkinga om kvæln, men om maaraann va ælt saa væl oppattpella, at dæ va kje ett høystraa aa sjaa att etter døm.

Haugetussen er god te ven aa lei te uven.

(Fraa Svene).

Paa Søre Ravnaas dyrka døm saa paa haugetussen, men paa Nor-Ravnaas dær slo døm hell

uvandt mæ 'n. Da saag døm tidt, at tussen stal høy paa Nor-Ravnaas aa kasta over garen til Søre Ravnaas.

*

Paa Vengesta va dæ ei stor eik, som haugetussen hølle te i. Unner den eika sette døm mat aa drekke te tussen, aa dæ vart vælstann aa rikdom paa garen.

*

Dæ va ei kjæring, som koka rømmegraut fær haugetussen aa sette i lyunn. Men saa tok tenesgjenta aa aat 'n opp.

Saa va dæ engong, haugetussen raaka gjenta paa laaven, aa saa treiv 'n 'o aa dansa mæ 'o aa saang:

„Huttemei tu
haa je skæ dei snu,
du skæ faa danse mætta di du!"

sa 'n.

Aa saa dansa 'n mæ 'o, te bloskome sto i skoa.

Haugetussen i Aasænn.

(Fraa Lyngdal).

I Aasænn aa i Juve i Eggedal va dæ en haugetuss paa hver stelle, aa døm drog te hver sin husbonn. Om vaaren stal døm fraa innann. Engong møttes døm mæ hver si høysbør i Smiudælen aa sloss, saa dæ laag bredd mæ høy etter heile dælen.

*

Anne Aasænn dyrka saa paa tussen. Hver høgtiskvell koka ho rømmegraut aa sette i homlegaren. Aa denn vart henta.

Daa Anne va dø kom dæ inn en liten kar en høgtiskvæll aa sto ve skjivjo, aa saa sa 'n dæ:

„Naa skæ dæ bli meir lort enn mat i Aasænn," sa 'n.

Aa dæ har hermt etter.

*

Haugetussen va saa gjill til aa stelle hesten i Aasænn. Naa' mann kom heim att, hadde vøre ute aa kjørt, sleppte 'n berre inn paa stællen, saa gredde tussen resten.

Engong hadde 'n en svart hest, men saa bytte 'n denn bort i en a'n svart en, som va plent lik den fysste, berre dæ at 'n hadde ei lita blese i panna unner luggen. Da denna hesten kom paa stællen, tok tussen te skrapa aa graate fær hesten va svettkjørt. Men saa letta 'n paa luggen aa fekk sjaa blesa i panna. Da vart 'n sinna aa smelte te hesten i panna, saa 'n laag dau paa flekken.

*

Mæ je va en smaagutt, va je aa nokon andre smaafantær dær i Aasænn en søndaskvæll om saammaaren, vi hadde vøre sta fiska. Aa saa hølle vi naa noko harlenn leven dær vi; men saa kom 'n Knut ut aa sa, at vi maatte inkje braake saa dær.

„Fær dæ æ kællvart hær," sa 'n.

Etterpaa færtalte døm dæ, at vi va kje før

gaatt, før ælle kjynnænn kom ut tor fjøse mæ banna paa aa spænnlænn i aa attspennt.

*

Je va paa frieri i Aasænn te ei som 'ette Turi Aaslann. Da je hadde lagt mei mæ gjenta, visste vi kje av, før klukka slo to slag. Dæ hadde naa kje vøre saa mærkjele, hadde ho kje hange dær færutta lodd aa snorir aa hadde inkje gaatt kanskje paa ett hallt hundre aar. Baade je aa gjenta lura paa detta.

Bjørkje i Straumen.

(Fraa Nore).

Dæ hadde kome ny dreng te Straumen, o so va dæ eingong, 'n skulde gjera se ein lime daa, te ei høgtishelg. Gjikk 'n saa ut skulle finne se ei bjørk. Kleiv 'n so likso gøtt opp i ei stor fin bjørk ve huso aa skar se taa noko ris. Daa 'n kom innatt, so spurde dei 'n, hør 'n hadde tekje rise.

„E kleiv opp i den store bjørkje aa spikka taa noko dær," sa 'n.

Men daa vart mann vond.

„Du fær leggje rise boratt-*i*, aa finne de noko paa ein a'n sta," sa 'n.

Denna bjørkje va dei fælt rædde før, bar matte 'o, o ingjen maatte ænse 'o. Men dæ visste inkje guten om.

Han Ola Strykopp aa haugetussen.

(Fraa Svene).

Han Ola Strykopp laag ve Tovskjenn oppi Aasmarka aa brennte mile en høst. En kvæll kom

dæ en haugetuss aa reiv a kjøytedynna aa drog iveig mæ. Ola vart sinna aa sette etter aa fekk tak atti karen, aa dæ vart et hart basketak. Men tussen maatte te att mæ dynna, aa 'n Ola kom attruggannes mæ 'o.

Haugetussen i Tveitegardane.

(Fraa Vegglid).

Her nordi Tveitegardane dyrka dei paa haugetye i gamall tid. Han drog fraa den eine til den andre, og dit 'n drog, der vart det no stor vælstand, men dei 'n drog ifraa var det berre armodi med.

Eingong den eine Tveitemannen var paa laaven, kom det ein litin kar pæsande og berande upp laavebrui med eit konnaks paa oksli.

„Kann dæ væra so mykkjy og puste so etter dattan da," sa mannen.

„Ja, no ska e bera likso mykkjy fraa de, som e før ha børe te de, so ska du faa sjaa dæ," sa haugetussen — for det var nok han.

Og det gjorde 'n visst med, for det var ikkje lengi, fyrr det vart blaae armodi med mannen.

Haugetussen paa Kvasshaug.

(Fraa Vegglid).

I ein plass, som høyrer her til garden, heiter Kvasshaug, var det nokre ungar, som skulde passe ei kyr. Detta var ut paa hausten. Som dei sviv der med denna kyri, fær dei sjaa det kjem rekkjande

ein stor buskap. Ei kjerring gjekk fyre og lokka, og ei stor fin kyr gjekk jamsides ho, og ein gjekk etter og jaga.

„Se so, la dæ gaa! Se so, la dæ gaa!" sa han. Men daa dei kom burt paa ein haug, so kvarv det burt alt saman.

Haugetussgjenta.

(Fraa Vegglid).

Eg var her uppi Hagan og kvista upp noko ved for mange aar sea, hadde endaa med meg ei bikkje. Som eg stod der og arbeidde med detta, so fekk eg høyre det snakka. Eg saag upp, og daa fekk eg sjaa eit menneskje paa storleik som ein ti-tolv aars gjentunge, og det skoltes som ho hadde blaagraa klær. Ho gjekk endaa over ei glenne ende ovanfyre meg, so eg saag ho so væl. Eg lura paa detta og flaug uppover vilde sjaa, for eg totte det var rart, at det var folk der daa. Men eg saag no inginting. Bikkja flaug med og snusa, men ikkje let i seg, og det hadde ho no gjort, hadde det vori rektig folk.

*

Nei, eg trur no det er noko med detta, dei tala so mykje um fyrr med underjordiske. Det stend no beskrivi med, det. Det stend at dei skal bøygje kne for herren baade dei som er over jorden og dei som er under jorden.

Og det heitest no det med, at dei underjordiske var dei fysste menneskja, som Gud skapte; men so sette dei seg upp i mot 'n, og so støytte han dei ned i berg og dalar.

Ho Dagne.

(Fraa Nore).

Dagneset heiter ei sæter, som hev namne sitt etter ei huldr, som heitte Dagne, som budde der.

Eingong kjerringi, som sætra der, hadde forsove seg, so kom Dagne inn i budynni og ropa:

Statt upp, statt upp du lortesu
o mjølka di ku!
Sole skjin i alle fjell,
o endaa søve du!

Ho Dagne heldt seg der paa sætri i mange mannsalderar; men tilslutt vart ho gamall og ryrbeina, ho med. Eingong stupa ho og braut av seg nasane, dei var no so spøkjeleg lange dei, maatru, og etter denna ulukka var det ikkje so lengi, fyrr ho sturta. Folki hennar kom og grov ho ned i ei stor myr, som kallast Dagnemyr enno. Ved kvar ende paa gravi hennar sette dei upp ei stor steinhelle, som enno stend. Det skal vera seks alnir millom kvar helle, so det hev vori ei dugeleg kjerring.

*

Far og mor sætra paa Dagnesæt. Tidleg ein morgon, dagen fyrr dei skulde flytja heim, laag dei inni budi og høyrde, det kom einkvar med ei koppebyrd og kasta fraa seg utved budveggen. Dei høyrde det so skili baae tvo. Han far gjekk ut; men daa var det inginting aa sjaa.

Haugetye paa Bjørstulen.

(Fraa Nore).

Paa Bjørstulen under Borge var det so fullt med haugety. Tett utanum sætergarden ligg det

ein trillande rund haug. Der heldt dei til. Med far tende paa Øvre Børge, vart det innsviki ei kyr i den haugen. Dei høyrda ho rauta og svara dei inni haugen, naar dei lokka paa ho. Trea dagen kom ho att; men daa var ho som ho skulde vori toggi heile kyri og var heiltupp øydlagd, so ho var ikkje meir til.

*

Ein haust, Børgemannen laag uppaa Bjørstulen, det var etter dei hadde flutt heim med krøteri, so fekk han sjaa ein stor, ven buskap koma rekkjande inn paa vollen, og ei gjente sette seg til aa mjølke. Mannen lura seg upp og ut og fekk kasta kniven sin over tvo av dei gildaste kyrne. Daa kvarv det alt saman, berre dei tvo kyrne, som han hadde kasta staal over, stod att. Dei leidde han med seg heim, og slike kyr til mjølke hev det aldri vori her i bygdi.

Same krøsterslage skal vera paa Børge enno, segja dei.

*

Men haugetye vart so fæle der paa Bjørstulen. Med same dei hadde bundi krøteri inn paa fjøse um kvelden, so vart dei løyst og jaga utatt, og um dei batt dei inn igjen, so var dei ute att med det same.

So maatte dei slutte aa sætre der; det var kje raad.

Haugebonden paa Vetrhus.

(Fraa Nore).

Paa Nord-Vetrhus heldt dei so av haugebonden og dyrka paa 'n med mat og drikke og anna godt.

Og haugebonden han stelde det best 'n kunne i fjøs og stall. Naar kyrne skulde bera, so hadde dei aldri noko bry med det folki paa garden. Dei sette berre mjølkeringja i fjøse um kvelden — um morgonen var kyri mjølka, og mjølki stod der, og kalven havt til garden og alt var greidd.

Men han vilde ikkje vita av noko innblanding i fjøsstelle. Eingong prøva dei det, dei tok imot ein kalv sjølve og mjølke kyri. Men um morgonen var ryggen av paa kalven.

Han laag paa fjøshjellen um notti; dei høyrde koss 'n raut og sov som ein gamall kall.

Haugetye paa Bukjønn.

(Fraa Nore).

Paa ei sæter heiter Bukjønn heldt med haugetye seg mykje. Ein stad der er der ein slett fin bergvegg, nettupp som det skulde vera ei dynn og utanfor er det nokre hellur som det skulde vera lagt upp ein tram. Eg hev siti so ofte paa denna trammen, med eg gjætte.

Eingong sat det ei hjuringgjente ved denna bergveggen. Og med ho sat der, so fekk ho høyre det, tok til aa spela so fint inni bergje. Aa so ufyseleg vent som det let, sa ho. Ho sat der og lydde, og var liksom ikkje god til aa slite seg der ifraa paa aldri-so-lengi. Men det kom ingin ut, og ingin saag ho.

*

Med ho mor sat paa Sevlesætri var det nære paa, at ei kyr skulde vorti innsvikin i detta berge. Ho stod der og rauta og kom ikkje der ifraa. Ho

mor hadde med seg tvo gutungar, og dei hæla paa aa skulde faa kyri med seg til sætri, og fekk jaga ho eit stykkje med, men so snudde ho og gav seg til aa stande ved bergveggen og raute att. So kom dei graatande og fortalde detta. Ho mor vart visst vill paa gutungane, og vilde dregi i veg etter kyri sjølv. Men han bestefar hadde no betre vit.

„Kjyri held vel paa o bli innsvikjinn; e ska gaa, e,“ sa 'n.

Og so gjekk han og kasta kniven sin over ho, og daa fylgde ho med det same. Men gjuvre hennar var som det var toggi, og det vart ikkje mjølk meir i ho den sumaren.

Haugety-kvende.

(Fraa Nore).

Med ho mor sat paa Grøndøllie, gjætte Hallvor bror min, og ein minder bror heitte Annstein, var med 'n. Ein dag fekk 'n sjaa tri kvende gjekk etter einannan etter fjellkanten. Ei saag han berre i hovude, ei til beltes, og ei lenger ned. Den eine hadde blaa klæde, den andre raude, og den trea grøne.

Best det var kom det eikyr, som ho skulde vori skoti ut or fjelle. Det skein av bjølleklavin — og *so* fin bjøllelaat! Men so øygna 'n av ho lite.

„Dannan kjyre maaga me faa tak i,“ sa 'n til 'n vesle Annstein.

Daa 'n skulde sjaa paa ho att daa, so var ho kvorvi.

*

Han Annstein, bror min, var ute for haugebonden, han med, med 'n var ein litin gutunge. Han bestefar var so handig, han, gjorde upp so mykje skeidir.

Eingong flaug han Annstein og leita etter 'n sudi urdine, han tenkte 'n var der og leita etter skeidemne. Daa fekk 'n sjaa ein kar og trudde det var bestefar sin og ropa: „Bestefar! bestefar!" alt 'n orka. Han sprang lengi og ropa etter 'n; men tilslutt vart 'n burte.

Daa 'n kom heimatt, fekk 'n vita, at bestefar hans hadde vori heime. Daa tok 'n til aa graate·

Dei spurde, koss 'n saag ut dennan 'n hadde sett. Han fortalde at han hadde spettute hosur og knebuksur. Daa skyna dei paa all gjerd, at det var haugebonden, han hadde vori ute for.

Veigen aat haugetussen.

(Fraa Lyngdal).

I Kronsetgjore hadde haugetussen veig. Men saa hadde døm krøssa i veigen fær 'n enn gong. Etterpaa om vinteren vart sauine snaue. Haugetussen hadde vel vorte vill aa hemt sei, vet-je.

Bytingar.

(Fraa Nore).

Dei var so jamt ute for det fyrr, at haugetye bytte til seg ungar, og la att av sine eigne i staden. Det var so lengi ungen ikkje var døypt, at dei hadde magt til detta.

Me budde burti Eggjedal ei tid, og so høvde det so, at me hadde ein unge, som me ikkje hadde vori til kyrkja med, daa me skulde flytja hit att. Daa sa eg det til 'n Herbrand, at 'n maatte ikkje gløyme aa krosse seg og segja Jesu namn, naar 'n gjekk over den fysste bekken, og det gjorde 'n no visst ikkje heller.

Paa Skjønne var det ei kjerring, som hadde ein udøypt unge med seg, med ho var ute og raka. So hadde ho lagt 'n fraa seg i ei dokk, og svivi fraa 'n lite. Daa ho kom att, laag det so mykje sylvstas rund ungen. Men det vart byting.

Han Stubbe-Hans.

(Fraa Lyngdal).

Han Hans gjikk fær enn raring i bygda ælle sinne dagær. Nokon ærbeskar hadde han æller vøre, aa den ti je saag 'n, va dæ bærre saa vidt, 'n krok sei fram paa enn lang stav, som 'n hølle mæ begge hænnænn i. Dæ va gjikta, som hadde krust 'n saa reint. Mest fær hvert stege saa sette 'n i ett skrik, saa vondt gjore dæ i dømm saare leænn aa lemminn. Ongdommænn hadde dæ te moro aa hærme etter 'n. Stelte sei te mæ enn lang stav aa stiltra sei boretter aa sette ut enn skvækt fær hvert stege. Dæ va enn, som va reint enn mester te aa laga sei etter 'n Stubbe-Hans; men dømm færtalte, at han dø borte i Ammerikka a gjikt, aa dømm trudde, dæ kunne vara enn straffedom, som skulle gaa over 'n fær denna hærminga hass.

Han va stuttære a vokst enn andre, aa saa hadde 'n igrunn ingen heim aa ha namn etter, dærmæ saa vart 'n heitannes Stubbe-Hans; anna namn hørte je æller paa 'n.

Men trudde dømm 'n Hans va dom, saa færgjikk dømm sei. Dæ va meir enn allmindele godt hue paa 'n. Las haa 'n kom over, jamvæl gamle kall'skjinns-

bræv, aa skreiv haa 'n ville. Naa' 'n satt borpaa, ga 'n paa aa krulla ut bokstavær i være mæ fingen.

Dæ som verkele va rarvøre ve 'n Hans va den maaten han svælla paa. Dæ va rart dæ, mange vennur. Inkje nok mæ dæ, at han rørde ora ihopp, saa kom 'n trøkkannes mæ dæ paa enn færunnerle maate, som 'n skulle vara fløganne vill, anten 'n va dæ hell inkje. Elles sku dæ naa inkje stort te, fær 'n vart sinna, dæ va kje fær dæ; han hadde liksom inkje anna aa værja sei mæ, stakkær.

*

Han va hos 'o gamle Sønnøv Jærpeton aa slo enn saammaar. Saa hakka 'n litt hær aa litt dær utover ælle stanna. Ho ba 'n, om 'n ville slaa lite meir mæ sei. Da vart 'n sinna.

„Du! du har æller sli! Du sjønnær inkje ett granna paa slaatt. Du æ saa gammæll aa vettau. Du æ akkurat som den gamle gjeita hass Pær Grønnvoll!"

(Gjeita hass Pær Grønnvoll va kjæringa hass dæ, ho va gælinn).

*

Han va hos ei gammæll enke aa slo, aa saa tærra 'o 'n opp.

„Du æ kje som andre folk!" sa 'n. „Du kokær graut a rotne skulir aa spente mann din i føa etter 'n va dau! Du skulle sennas ti Staakkholm i Særje aa te slavehandelen i Søammerikka!"

*

Enngong huksær je, 'n slo enn tri-dalers-slaatt hær bori Hagan, aa Knut Buinnsætra hadde enn fire-dalers-slaatt hær, aa han hadde mæ sei enn vaksin son.

Saa sa 'n dæ te 'n Hans, han Knut: „Du bjorær bra lengenn mæ slaatten, du au."

Da vart han Hans vill: „Di bjorær, di! Gaar hær to vaksne fantær aa enda bli di inkje færie. Je skæ slaa baade tor aa ti dekkan, dekkans elendie stakkæræt!"

*

„Dømm slagta enn voksin fjorbokk i Mørk, som vog tri punn aa to bekærskrottær," færtalte 'n engong, 'n va dær oppe.

*

Han kom leiannes paa enn sau enngong, aa saa gjore 'n sei vrang, den; men da fekk sauen høre sei: „Vil du inkje gaa, skæ je slagte dei aa eta dei opp — *da* kan du spenne i beina, da!

*

Han hadde vori paa enn aksjon aa kjøpt ett aa anna aa rødde om detta etterpaa: „Je kjøpte ei slipestein-sveiv aa mykkjy anna, je va kje vettau fær ti daler."

*

„Haa har du i skreppa di?" va dæ enn som spurt'n.

„Je i skreppa? ett par tommar æ du gælin?" svara 'n.

*

Dæ va paa enn gar, 'n totte dømm hadde kleinvøre slagt, aa saa sa 'n dæ: „Døm har kjje anna te slagt hell ei gjeit mæ to tænnær, som døm hadde faatt paa Søre G.“

*

Han Hans va min beste ven mæ je va liten aa frametter, 'n va saa mykkjy heime, fortæl enn lyngdøling. Saa var dæ vel aare etter je hadde gaatt fær præsten, tenkjer je, je møtt'n, je skulle fram i Lyngdæl. Da hadde je faatt nye klær mæ søllknappær i vest aa trøye aa totte naa visst, je va noko te kar, aa sprætta mei litt mykkjy. Frammi veigen møtte je 'n Hans. Je stana aa helsa, aa Hans mønstra mei fraa topp te taa mæ dømm smaa augo sinne.

„'N sku *bryte* dei aav paa midten aa *drite* atti stubbænn!“ sa 'n, mæ saa mykkjy haan, som bærre han kunne legge i ora sinne.

Aa saa snudde han sei aa krok aggare paa staven sin.

Men dessa ora a 'n Hans beit mei saa meint, at je vart dokktera fær aa vara karslenn sea.

*

Syster hass hadde vøre kleislenn, aa saa færtalte 'n om detta:

„'O Jaaraann, syste mi, ha vøre saa klein i saammaar aa fær bringa i heile høst aa i hue,“ sa 'n.

*

„*Je* gaa paa frieri, som inkje har hælær i hosunn!“ svara 'n, naa' dømm spurte 'n, om 'n hadde køre paa frieri.

*

Ja saalessa va 'n Hans. Han hadde dæ inkje godt, stakkar, saa dæ va kje færunners, han fekk mange skrukkur i andlete aa va beisk. Paa slutten va dæ andres naade han laut trøste sei te. Aa dæ va den tyngste motgang fær 'n hær i væra.

Presten Welhaven.

(Fraa Lyngdal).

Dæ va enn snodi' præst. Je veit enngong, je va ve Vatnaas-kjørkje. Da tok 'n den sælma, „Jeg gaar i fare, hvor jeg gaar," aa gjikk ut ifraa i preka si. Men han preka inkje, 'n færtalte berre den eine hendelsen etter den andre. Je høksær berre att enn par a døm naa.

„De var engang en pige, som var saa letsindig; hun gik ligesom paa dans hele dagen," sa han. „Men saa tro hun paa en kirsebærsten, og saa brak hun de ene benet. Jeg gaar i fare hvor jeg gaar!" sa han, aa saa slo 'n ut mæ armænn.

„Men da hun blev frisk igjen, saa gik hun paa dans igjen som før, og saa tro hun paa en kirsebærsten igjen, og saa brak hun det andre benet. Jeg gaar i fare hvor jeg gaar!" sa 'n, aa saa slo 'n ut mæ armænn att.

„Saa var de en pige som vilde være saa pen," sa 'n. „Saa skulde hun paa bal, og saa skulde hun stryge sit tøi, saa slap hun ned en knap, som hun skulde bøie sig og ta op igjen, og saa satte hun ansigtet paa en gloende bolt og brente ud det ene

øie. Jeg gaar i fare hvor jeg gaar!“ sa ’n aa slo ut mæ armænn att.

Slekk hølle ’n paa heile preka, saa folk satt bærre aa lo i kjørkja.

*

Dæ va tidt urole’ i Vatnaas kjørkje, naar dæ va preke, folk gjikk ut aa inn. Saa va dæ enn gong ’n sto paa stolen, at dæ gjikk ut enn flokk aa sette dynna oppe etter sei.

Daa ropa ’n midt i preka: „Luk døren efter disse fortapte faar!“

*

Dæ va slekk testrømning te Vatnaasmessunn før, aa saa dansa døm aa drakk aa sloss etter preka. Den kjørkja æ lita, saa dæ satt fullt frammi kore aa ælle stanna. Eingong mæ presten sto paa stolen, fekk ’n sjaa ei kjæring, som førde ne luva hass.

„Fy skamme dig, gamle kone, heng op igjen prestens hue!“ skreik ’n, saa dæ song i kjørkja.

*

Dæ va jamt møtt fram mange hær fraa Lyngdæl au te Vatnaasmessunn, aa præsten totte saa moro i Lyngdælskvinnfølka, fær døm hadde saa mange stakkær. Han kom boraat døm aa ville rekne stakkænn døms. Enngong raaka ’n paa ei, døm kælla Goa, aa ho tok opp stakkænn fær præsten, den eine etter den andre, saa ’n fekk sjaa — dæ va sju ell dæ va aatte iælt.

„Du maa være rik!“ sa ’n, mæ ’o hadde saa mange stakkær, meint’n.

„Aa . . .," drog ho paa dæ.
Men ho aatte naa ingen ting.

*

Han hølle konfermassjon ve Vatnaas au, han, sommeti'r. Je va dær enngong. Da va dæ to guttær aa to gjentur, aa døm hadde naa stelt sei opp, guttænn paa kærmannssia aa gjentunn paa kvinnfølksia, som skjikken æ. Men da 'n skulle te aa høre døm, saa tok 'n den eine gutten aa sette boraat gjentunn, aa saa tok 'n den eine gjenta aa sette bort til den gutten, som sto att aaleine, saa dæ vart par aa par.

*

Han laga te stjernur a søllpappir aa sette paa lesarongænn, naa 'n hørte døm. Te flinkære døm va, te fleire stjernur fekk døm. Dæ va enn gutt ifraa Tislebakke, som fekk sju stjernur enn gong. Sea kælla døm hannom Sjustjerna.

*

Enn gong kom 'n inn paa enn gaar ne'i Sigdæl, aa saa sette 'n sei te rokken, aa skulle syne, haassen tenesgjentunn spann.

„Dette — er — for — a — mor, dette — er — for — a — mor," sa 'n, aa da va dæ bærre saa vidt, enn saag at rokkehjula lea sei.

Men saa kasta 'n om.

„Detteerformeisjøl, detteerformeisjøl, detteerformeisjøl!" sa 'n, aa da trødde 'n paa, saa 'n va reiug te rive rokken sunn.

*

Han va saa hól etter mat au, denna præsten, færtæl døm. Va dæ mat 'n lika, kunne 'n inkje passe magamaal. Enngong paa Gren aat 'n rømmegraut, te 'n beskjemde sei. — Paa Nuvveru dær øste 'n hallraatt kjøtt tor ei gryte aa aat.

„Du maa kje eta detta, dæ æ kje koka," sa kjæringa.

Men dæ mona inkje — aa saa gjikk dæ gale fær 'n, da au.

Ragne-Stein.

(Fraa Rollag).

Det var nokon her uppe i Nore, dei kalla Ragnesyninn, eg veit ikkje meir kvar dei var ifraa.

Ein av dessa gutane heitte Stein, og so kalla dei 'n Ragne-Stein. Han tende so lengi hjaa Røstø'n.

Det var allmindeleg so i den tidi, veit du, at tenestfolkje fekk uvandare mat enn sjølvefolkje, og so var det paa Røstø med, maatta. Mannen sjølv aat smør og ost og prim attaat braude um morgonen; men drengen fekk berre ost. Dei hadde sætrar i Verjedalen, og um vinteren dreiv dei og køyrde høy derifraa, Røstø-mannen og drengen. Nedantil dalen og til dei kjem upp paa høgdi er det dugeleg bratt og tungt for hestane, so køyrekaren gjekk etter og skuva. Røstø-mannen stod i og skuva, han med; men han Stein gjekk berre og slong etter lasse. So spurde husbonden, koss det hadde seg, at han ikkje skuva, han med.

„Smøre skuvar bære ell osten," svara han Stein.

*

Han var so spræk til aa draga paa kjelke han Stein. Ho Kari, kjerringi paa Røsto, hadde skyldfolk, og veit inkje anten det var i Sigdal eller det var austi Eggjedal, og so vilde ho stad vitja dei utpaa vaarkanten, og han Stein skulde draga ho paa kjelke. Detta gjekk no alt baade godt og vel, til dei kom nedatt mot bygdi. Daa var der ein fin hall og Stein stod i skjæke og styrde, og ho Kari sat rund og nøgd paa kjelken. Men best det var, so stupa den spræke dragaren hennar, slepte skjækane og kjelken drog ut, og kjerringi skreik og bar seg; men det gjekk no sin gang for det, til det stana nedpaa flati. Leid paa kom drengen larkande etter, litt halta 'n, og ille bar 'n seg for det skulde gange slik — men kjerringi hadde no si tru um rullingi, som vel rimeleg kunne vera med.

*

Eingong hadde ho Kari ei stor mjølkegryte paa peisen, ho skulde yste.

„Du lyt passe gryta, du da Stein,“ sa ho til 'n.

So sat 'n no der han daa. Men so høyrde ho det tok til aa sy i gryta.

„No kjem gryta, Stein!“ skreik ho.

Stein spratt upp, som 'n skulde vori brend og ut gjenom dynni. Som det leid paa sette 'n hovude innatt, og kjerringi var til aa skjende paa 'n.

„Du sa gryta *kom,* du, so torde e inkje ana e tok ut, e,“ sa han.

*

Eingong pissa han i bekken, og so gjekk 'n nedanfyre og drakk. Dei spurde kvifor han gjorde det.

„Aa e synis no dæ æ skam o vera paa so stor gar som Røsto o drikke berre vatn,“ svara han dei.

Paalsyninn.

(Fraa Rollag).

Det var nokon der uppi Nore, dei kalla Paalsynin med. Ein av dei tende paa Vetrhus. Ein sumar dei var paa sætri, han og ein annan dreng, so laag dei og kvilde paa vollen, og denna andre drengen hadde somna og laag retta den eine handi fraa seg. Da laa Paalson ei ny nauteruke i handi hans og stelde seg til aa kitle 'n kring munnen med eit straa. Guten skulde jaga undan detta aate i svemn og kleste heile nauteruka i kjeften paa seg og drog myk langt ned i halsen.

Men daa tvila dei, Paalsonen hadde fengi juling, hadde han ikkje teki foten fatt.

*

So var dei ei onnor vende, det var paa sætre det med, han og ein annan var der og slo. Den som var med 'n hadde endaa sett paa seg ei ny skinnbukse. Med 'n laag og kvilde den andre, so var Paalsonen avstad og fiska tryte, for det var eit trytetjenn tett ved vollen. Skunda 'n seg so uppatt med ei livande tryte og fekk lura ned i bukselomma

paa den andre med 'n laag og sov. Tryta ho vrikka og lea paa seg, so 'n vakna. Han trudde 'n hadde fengi orm i buksa og treiv tak og meinheldt, drog upp kniven og skar stykkje or den nye buksa for „ormen“.

Men daa hadda Paalsonen komi seg so langt undan, at han var toleg trygg.

Kring lakterveden.

(Fraa Vegglid).

Ziener var underførster og budde paa Sønstegard i Flesberg og styrde med kjøp av lakterved og kol for Sylvverke her i Numedal. Thilis var overførster i den tidi. Um vaaro var dei uppover dalen og hadde møte, som var tillyst fyreaat, og daa møtte dei fram, som vilde „taka paa lakterved“. I Rollag hadde dei møti sine paa Søre-Traaen, og i Vegglid var det her paa Risteigen hjaa 'n far. Det var stas daa. Dei hadde med seg „saker“ daa, ser du, og um kveldane sat dei og ponsa — dei velde ha 'n far med seg paa det med, men det var sjeldan, dei fekk 'n til det. Han far hadde ei stor sylvbeslegin pipe, som 'n stappa med kardus og spandera røyk paa dei. Det var berre naar det var storkarar ute og fór, at den pipa var framme. Dei likaste mennane i bygdi hadde gjerne ei slik pipe og ein karduskopp, som var i bruk i slike høve. Eg hev enno den pipa og karduskoppen etter 'n far.

Me smaagutane, bror min og eg, hekk no med, me med, for me var vande til faa noko av dessa

storfantane. Thilis gav oss jamnan 12 skilling, og Ziener maatte no vise seg lite han med, og so fekk me 4 av honom. Ziener var ein stor gild rusul; men Thilis var ein litin mann.

Elles hadde dei desse møti sine i Kvisle og paa Vehus — for Nedre og Øvre Verjedalen. Lenger upp trur eg ikkje dei var.

Um hausten møtte dei uppatt og tok *av* veden. Daa var det baade fire og fem av dei og stundom fleire med i fylje. Dei som hadde lakterved daa, so maatte dei møte fram med ridehest, og det tok daa ut ein hit og ein dit burt igjenom morkine og skulde sjaa paa dennan lakterveden.

Men det gjekk no visst so ymse til, so 'n vart ikkje levera all den veden, som var „tikjin aav“ soleis, etter som det var sagt.

Um vinteren laag dei daa og køyrde paa denna veden. Der det ikkje var lenger vegen, so køyrde dei 'n til Lògen; elles dreiv dei 'n mest til tverrelvine og fløyte 'n fram i vaarflaumen. I myrane og tjønnane uppaa høgdine her er det ævur att etter dammar mest alle stadir. Dei var kosta upp for denna vedafløytingi si skuld.

Han Herleik Sløkjudalen.

(Fraa Rollag).

Han Herleik var visst komin fraa Vindegg; men budde ei tid i Vegglid. So var han paa frieri paa ein gard her nordi. Gjenta ho laag paa hjellen, og han skulde no fara longt og hadde av seg styvlane nede, og sette dei ifraa seg der. Men so var det ein skomakar med der i huse paa skoarbeid den tid, og han laag og lydde og høyrde paa detta, og hadde hug til aa finne paa eit spell, og so fylde han styvlane hans med vatn og smette dei ut i gangen. Detta var um vinteren, og dei botnfraus. Um morgonen, daa Herleik skulde heimatt, so veit du han fekk ikkje paa seg paa beini, han maatte sitja ved peisen i lang tid og tine paa støvlane sine. Og det verste var, at kjerringi ikkje lika denna friaren til dotter si.

Det gjekk vel kanskje baade aar og dag, fyrr Herleik fekk lønt att skomakaren for detta. Men so var det ein dag han skulde upp til Lofthus paa skoarbeid, so sette han att verktyskreppa si ute og gjekk inn i Fossebrekke til han Herleik, han budde der daa. Der skulde han ha traktering, og med

han sat ved borde og fekk seg mat og kaffi, so var Herleik ute og gjorde sine ting i skreppa hans, spende ho fint att og sette ho som ho stod. Daa so Herleik kom til Lofthus, so sette han skreppa si paa borde og skulde til aa draga fram reidskapen sin — men daa han fekk sett ned i ho, var det ikkje lengi, fyrr loke kom att, og so laut han til bekken aa vaske alt saman. Men so var karane skuls med.

*

Sea fór Herleik til Amerika; det var vel ikring 1840. Han var visst i fylgje med Lars Kvenndalen og ein dei kalla Nils Halling. Straks dei kom dit, stelde dei seg til aa gjera falske pengar. Dei bala ein heil vinter med detta, ettersom eg hev høyrt. Det skulde vera Lars Kvenndalen, som fann paa det og var hovudmannen heile tidi. Vaaren etter kom dei hit til lande att og skulde yte ifraa seg att vara si, for det var norske fem-dalar-setlar dei hadde greidd til. Dei hadde nok tenkt, dei skulde gjort eit storvarp med detta. Men det gjekk gale for dei alle tri. Dei vart tekne og kom i rettens hendar og fekk mange aars slaveri.

*

Etter at han Herleik kom ut att or straffi, kom han her uppatt i dalen, kjøpte Sløkjudalen i Verjedalen og livde der resti av sine dagar og vart ein vælhaldin mann.

Bror min var hjaa morbror paa Vehus med han var litin, og der var det ein gutunge paa same alder. Dessa smaa-karane var ofte i Sløkjudalen daa.

Han Herleik var smaaløgin og rødde med gutane og fann paa eit og anna, som dei undrast hardt paa.

Ofte sat han duppa med braudmolar paa kjøtmatgryta og rødde med dei underjordiske.

„Ja, no fær de komma da,“ sa han.

So var dei med han og duppa daa, veit du, og so sat han og rødde med dei so laagvori.

Men som detta hadde haldest eit bil, so sa han det: „Ja, no fær de gaa att, elles fær de inkje noko ein a'n gong.“

Daa rusla dei sin veg.

Men gutungane lura, veit du.

Paa same tid, som han Herleik budde i Sløkjudalen, budde han Krull-Asle i Viken. De var no rette karane saman, lentuge og morosame som dei var baae tvo. Dei sette namn paa einannan med. Asle det var Kaptein Vik, og Herleik det var Kjeiser Dal.

Han Gjermunn Ryllen.

(Fraa Rollag).

Han Gjermunn budde uppi Vegglid paa ei stelle. Han var so fæl til aa rylle, og difor so kalla dei han Gjermunn Ryllen. Det var so helvti ein doktar, mein' eg, og so fór han her austanfyre, det var vel med noko handel.

Eingong kom han til ein rik gauve, eg trur det var Ringnes'n. Ja han hadde no vori der fyrr, so dei var kjende. Men denna gongen var Ringnes'n sjuk, og so spurde han han Gjermunn, um han kanskje kunne vita ei raad for det. Jau, han let ikkje so umogeleg anna han kunna kanskje det med.

„Før du har vel dei slagje som ska te, du,“ sa han.

Ja, haa skulde no det vera, lura Ringnes'n paa.

Jau det var no øl og brennvin og gamalost — aaja det var visst anna med.

Det vart daa tilslutt til det, at han skulde prøve, og Gjermunn koka ihop ei suppe, som hin skulde taka inn. Han so gjorde um kvelden med same han la seg. Gjermunn skulde ligge i ein benk i same rome. Men det skulde mage til tola slik

medisin, og det var ikkje lengi, fyrr Ringnes'n maatte upp og ut, og detta det helst heile notti.

Daa fór han til aa tenkje paa, at Gjermunn kanskje hadde gjort detta berre paa stinne fulheit, han hadde no so mykje aa finne paa, og so var han burtaat benken og lydde, um han laag og lo. Han høyrde inginting; men Gjermunn fortalde etterpaa, at han maatte bite tennane ihop, elles hadde han spruta i.

Um morgonen fortalde sjukingen, hossen det hadde haldes med honom um notti.

„Ja, dæ va gøtt dæ gjikk *ne* o inkje opp,“ sa Gjermunn.

Og det trudde Ringnes'n med. Og besna gjorde han — hossen det no hadde seg. Og venir var dei som dei fyrr hadde vori.

Blaahus'n

heitte ein husmann her nord i Vegglid. Han budde i ein plass under Brekke kallast Blaahus, og taadi hadde han namne. Han var slik, at han laga rimstubbar mest um alt han var fyre.

Det var ei gjente uppi Lidgrendi paa ein litin jordveg heitte Augunnsrud; ho var sjølveigar paa denna vesle jordvegen. Til henne drog han paa frieri, og sea vart han gift med ho. Naar han var full daa, so song han:

> Hadde dæ inkje vøre før 'o hadde den vesle jortørva,
> so hadde e inkje vilja hatt den stygge slørva.

Han lika so brennvin, og var han rekti paa sving, so gjekk han berre og gvaala og let:

> Tørva gjifta Slørva!

Eingong kom han ned til Bakke. Daa hadde han nye sko. So song han:

> Dæ finns væl ingjin i heile Bakkegreine,
> som eig slike støvla paa beine.

I joli fór han i gardane og snikte seg til nokre drammar her og der. Paa ein gard uppi her skjenkte mannen han, so han vart paa ein litin sving, for

han totte moro i denna rimingi hans. Men noko fyll vilde han ikkje ha, og daa det leid paa, so vilde han stela seg ifraa han. Detta skyna Blaahus'n, og so song han:

E be de, du biar,
Niri Gniar;
du ska kje ta te brette paa spælen,
om 'n skulde gaa den trea pælen.
Ta hit enn pøtt,
so ska me ture gøtt!

So var det eingong, det var venteleg ut paa haustkanten, han hadde faatt paa ein heil donke med brennvin, og so drog han paa Kjemhus-haugen daa. Der samlast gjerne ungdomen i bygdi og hadde moro um helgekveldane, og der var so fullt av træir, for der kom driftine ned av fjelle, naar dei drog til bygd og byars um hausten, og daa var det alltid samla mykje folk der. Det var i driftetidi, Blaahus'n var der med donken sin. Sumtid so sat han paa donken, og sumtid so stod han og snudde seg til alle kantar og ropa:

No maa de koma alle mine goe vini,
anti de æ or Flesber ell Svini,
no har e faatt paa bempelen,
her sjaa de eksempelen!

So kom det no folk med daa, ser du, og dei tura og drakk heile notti. Men so hadde han vel vori fullnads stri til tekje til seg sjølv daa, so tilslutt somna han, og dei, som hadde vori med han, drog sin veg.

Den næraste garden der er Ondegarden. Kjeringi

der ho visste no um Blaahus'n og donken hans, og um morgonen so reiste ho burtpaa haugen, og der laag dei baae tvo. Ho lea paa donken og høyrde det skvankla att lite, som ho tappa paa ei flaske og tok med seg, for ho visste mest koss det vart. Eit bil etter kom Blaahus'n; daa hadde han vakna, og hukra og fraus gjorde han. Men ho hadde dram aa skjenkje honom og var til kjellars etter øl, og ho koka kaffi for han, og mat fekk han og var reint i godlag:

Du Ambjør, du Ambjør, du æ sakte kjering som æ flink,
du har øl aa brennvin som pink,

sa han daa.

Eingong han hadde vori utetter dalen, eg veit inkje aa langt kan kunne vori, so kom han inn paa ein plass sonna Prestmoen heiter Bjorsaate. Der fekk han mat, og der laag han med notti. Daa han kom heimatt og fortalde um reisa si, so sa han:

E kom te Bjorsaate,
der drakk e, o der aat e,
o der laag e mæ notte;
men dæ va sakte folk som hadde raa te,
o *Gud* veit høss dæ konna naa te.

Dæ var eingong paa Glaim, der var det inne ein tinndøl eller det var ein haaværing, og so stelte dei til mat og drikke for han. Men so var det slik krikling med vestmennane, veit du. Um dei trong det aldri so væl, so sa dei, at det trongst ikkje, og det gjorde denna vestmannen med. So sat han der Blaahus'n og høyrde paa detta, og so la han i med ei liti banne:

Du *maa*, naar du høyre mann be de,
før e ha vøre vestafør e mæ;
e va ein gong like paa Raulannsstraande,
o e fekk da mat etter haande.

Eingong kom gamle smeden ovante grendi, og Blaahus'n kom nedantil, og so møttest dei paa brui nedan Sveinsrud.

„Haa har du vøre naa?“ spurde Blaahus'n.

„E kjem ifraa Bøle,“ sa smeden.

„Aa har du vøre i Bøle,
o smia før dæ du har støle,“

sa Blaahus'n.

Daa vart smeden vill og smelde til honom. Men det var no ikkje meiningi av Blaahus'n, at smeden stal — det var berre for aa faa rime, han kom med detta.

Folk gjeng etter seg.

(Fraa Vegglid).

Det er mykje rart, som me ikkje skynar. Her nord paa Kjemhus budde det ein mann, som heitte Steinar. Han var so uvenir med grannen sin paa Myre, og det kom ikkje til noko forlik millom dei.

Men nettupp i den stundi han Steinar andast, so saag mannen i Myre honom heime hjaa seg, og han sa visst noko til 'n med, og eg trur det var noko um det kunne vera slutt med uvenskapen millom dei.

*

Eg hev høyrt ei segn um, at det skulde vera ei gjente i Vegglid og ein gut i Rollag, som var no forlova. Den eine taa dei var kje tru, eg veit ikkje anten det var guten eller det var gjenta, men helst var det vel ho. Hoss'n no detta var, so gifte gjenta seg med ein annan ein. Men i den stundi ho andast, so synde ho seg for den, ho fysst var forlova med. Det var noko, ho vilde segja 'n; men haa det va, det hugsar eg ikkje.

*

Det var ei prestefrue uti Flesberg, som det hadde komi burt eit gullkjede for, og daa dei ikkje var god til aa finne det att nokon stad, so trudde dei, tenestgjenta hadde teki det, og bar detta paa henne. Men ho negta fast, og var reint ulukkeleg for at prestefolki tjuvkjende ho. Og det var visst mykje greide med detta.

Etter frua var død, so kom ho igjen, og so peika ho upp med spegilen.

„Gullkjé mitt, du!“ sa ho.

Dei saag uppmed spigilen, og der laag det.

*

Eg veit ikkje, um det var same presten, som hadde Svartekonstboki; men det var det vel ikkje, elles so hadde han vel visst, kvar kjede til frua var, med, so det var vel ein annan.

Men eg hev høyrt dei fortalde, at saueflokken i Prestegarden hadde komi burt, og dei leita til inkjest etter 'n i mange dagar. So skulde presten med bli med daa. Dei som var med og leita vilde draga i *ei* leid, men presten meinte daa, dei laut paa andre kanten, skulde dei finne saudine. Presten gjekk fyre, og dei andre etter, og daa gjekk dei beint paa flokken med ein gong.

Dennan same presten var til byen ein gong, baade han og frua, hev eg høyrt fortalt daa. Med dei sat tilbords og fekk seg mat til kvelds, so visste dei ikkje av, fyrr presten sette i aa læ. Dei lura paa, haa det kom over 'n. Men so sa 'n, at tenestgjenta i Prestegarden hadde friarar, og daa gjekk ho netupp ned i kjellaren og henta upp øl

for 'n. Og sant var det nok som presten sa. Men gjenta, stakar, hadde vori væl svintin av seg og ikkje sett tappen godt att i tunna — for øle var nedrent, daa prestefolki kom heimatt.

Gullek Spellemann.

(Fraa Lyngdal).

Dæ vart støle noko søll i Kjølsæt enngong. Dæ va enda son i huse som hadde gjort dæ, aa han selte dæ te 'n gamle Gullek Spellemann, han budde i Ransaasen den tia.

Han Gullek hadde to sønnir. Etter 'n va kvitt, synte 'n sei fær døm aa ba døm leite i ei steinrøys bortpaa Ransaasgjore, aa saa ta dæ, døm fant dær, aa ha dæ te Kjølsæt. Elles fekk 'n inkje fre i grava, sa 'n.

I røysa laag sølltye, aa døm tok dæ aa bar dæ heimatt. Sea va dæ stillt.

Ola Nere Lanne.

(Fraa Lyngdal).

Dæ va nyss dø enn paa Nere Lanne; han hadde døre fælt huga paa enn dram mæ 'n levde, aa han aa man'n paa Øvre Lanne hadde tura jamt ihop.

Saa va dæ enn kvæll at Øvre-Lanne-mann aa son hass aa enn te satt tura paa Haugen. Ve mi'natts-leite gjikk to a døm færbi Flesbær kjørkje.

Da ropa Lanning'n: „Kom naa, Ola, skæ du faa enn dram!"

Da reste dæ sei opp enn svart skapning paa søsia a kjørkja, omtrent dær Nere-Lanning'n hadde grava si, aa hannom ligna 'n au. Da vart døm mest vettaskræmt, aa sprang oppaat Præstegarshusa i ett renn.

Ymse.

(Fraa Lyngdal).

Kjæmpur.

Paa Lanne budde dæ ei vigjeti kjempe enn gong. Dæ skæ ha vøre mange kjæmpur i Lannegrænna i gammæll ti, men denna va den største aa bausaste a døm.

Ho hadde berre fri tingveig aa kjørkjeveig, æ dæ sagt; a'n stanna fekk 'o inkje løv aa gaa; da kunne haakken som ville drepa 'o.

Døm prøva paa fleire vis aa faa drepa 'o; men dæ gjikk inkje. Men saa va dæ enn, som tok ei bjølle aa krabba upp i ett tre ne i Lanne-mørka aa skramla mæ den. Da trudde kjæmpa, at nokon ville stæla gampænn hass aa vart saa fløgende vill, at 'o flaug sta ville berge døm. Da va enn færi aa skaut 'o ne mæ enn søllknapp.

'O hølle store lag aa gjæstebø denna kjæmpa. Aa naa' døm hadde tura ett bel vart døm store i ora. Hær sku du faa høre noko, som Lanne-kjæmpa skulle ha sagt enn gong:

Krus over Lanne,
ak a over Li,
drepa hverr ennæste enn i Lyngdæl.

Skatten i Gjære-kjenna.

Dæ skæ vara søkt ne enn pengesekk i Gjærekjenna, æ dæ færtalt. Dæ va Sjur Gjære, som gjore dæ. Han hadde gjort sei tilvens mæ kølskriværen ve Søllværke aa faatt skrivi paa boka si 999 lester køl. Saa vart dæ opstyr i detta. Kølskriværen skulle ha fløge sta drepe sei, aa 'n Sjur aa enn fraa Nor-Lettmolia vart dømde te slaveri, færtæl døm,

Nor-Lettmoli'n legde dæ ifraa sei; men 'n Sjur laut agaare. Men fysst hadde 'n vøre sta aa søkt pengesekken ne i kjenne.

Vonne maktir.

A gammælt saag døm dæ gjikk ei bikkje møllom Fekjan aa Eie mæ ett blaatt lys i rompa. Dæ frasa tor kjeften paa 'o. 'O kom fraa Eie aa tok oppover te Fekjan.

Vardøggl.

Ælle folk har ett vardøggl mæ sei. Dæ gaar fyri aa varslær. Je hørte jamt 'n Hellek kom, sette opp skjia, trampa a sei snøen paa hella aa tok i dynna. Men saa vart dæ stillt, aa ingen kom inn. Aa gjikk je da ut, saa va dæ svart aa ettersjaa. Naa' dæ saa lei paa ett bel, saa kom 'n sjøl.

Ho Bærte, kjæringa aat Glefsen, hadde ei stygg svart bikkje te vardøggl. Denna kolsvarte bikkja følgde 'o stødt aa stendi, haa 'o fór henn. Men saa va ho ett vonnt aa fælt kvinnfølk au, 'o Bærte.

Tri ting.

„Dæ æ tri ting je æ saa færhati' paa," sa 'n gamle H. B. „Dæ æ kvellseging aa langvari' frieri aa at døm inkje tettær sauehøla naa' døm gjærer."

Mærkje.

„Je kjem sikkert te fante bort uksen min," sa 'n H. B., han reste te dyrskua paa Kongsbær; „fær je æ saa fessfull," sa 'n.

Enn styril.

Han gamle Hællvor Belteslia va enn styril fær sei sjøl. Enngong, dæ va aafring i Lyngdæls-kjørkja, gjikk 'n utom ælltærringen, men saa visste døm kje a, før 'n skaut sei over.

„F . . danse mei!" sa 'n mæ samma 'n kom inn i ringen te døm andre, aa saa mækra 'n som enn bokk.

Han Gunbjønn-Nils

vart paatinn a nokon gapær aa sli mest ihæl. Men døm va rike aa muta dæ i fraa sei.

„Je fekk tohundre kronur aa levde enn heil vinter, je," sa 'n.

Saa 'n va væl færnøgd han Nils, stakkær.

Gamall tru.

Menneskje.

1.

Slør en ett kvinnfolk over føa mæ en kjepp, som æ sli ørm mæ, saa bli 'o fremlenn, om 'o æller har vørte dæ før. (Lyngdal).

2.

Mor aat 'o B. L. va mæ aa tok ei kjyr, mæ 'o gjikk mæ 'o B. Kjyra ga en raut ifraa sei, mæ 'o laag aa stridde, aa denna rauten fekk ongen. Naa' 'o ligg aa søv, saa læt 'o som ei kjyr, som ligg paa kvitten. (Lyngdal).

3.

Naa' ei gjente har vøve ne veven aa klyppt 'n ne, saa maa 'o nøyte sei aa knyte ne hovolstróunn, fær saa lengenn 'o æ mæ dæ, skæ ongen hennæs staa i føssla. (Flesberg).

4.

E skæ kje ha nye klær paa ongænn, naa' døm æ smaa, fær da bli døm saa fæle te slite, naa' døm

bli store; dæ æ best aa ha bruka klær paa døm. Hadde døm kje slike klær etter senne egne ongær, saa laante døm hell fekk a andre. (Lyngdal).

5.

En skæ kje samle mykjy folk i huse, fær baane har søre te kjørkja, fær da bli dæ tærrint. (Flesberg).

6.

Naa' baane faar tile tænnær, skæ dæ snart kaammaa ett te. (Lyngdal).

7.

Naa' baane fysst sir „mamma“, bli dæ næste baane ei gjente; sir dæ fysst „papa“, bli dæ gutt. (Lyngdal).

8.

Sir baane fysst „nei“, bli dæ et vranghue; sir dæ fysst „ja“, bli dæ snilt. (Flesberg).

9.

Smaabaana, som spenner hænnænn, æ feige. (Lyngdal).

10.

Sønnda'sbaan skulle kje bli ute fær spøkeri ell anna vondt liksom andre, trudde døm gamle. (Lyngdal).

11.

Enn maa kje ha ongænn ut aa inn i glasopninga, fær da sluttær døm aa vekse. (Flesberg).

12.

Naa' fædderænn slepte ne pængænn, naa' døm va framme aa aafra, va dæ mærkje paa, at dæ skulle bli smaatt mæ utkaame fær baane som va te daapn. En hørte ofte dæ trilla skjellingær i golve, saalessa; men da vart fadderænn saa raue i annlete aa fomla aa leita — aa ælle totte dæ va ulile. (Lyngdal).

13.

Naa' baane sømnær mæ betann i kjeften, skæ dæ kje vekse opp. (Lyngdal).

14.

Denn, som æ skjeivanninn, bli kje kjærinvanninn. (Flesberg).

15.

Naa' ei gjente finn 7 blommær aa legg unner hugjæra om kvæln, skæ 'o drømme om denn, 'o skæ bli gjift mæ. (Lyngdal).

16.

Ei gjente, som øys opp grauten, so 'n bli grufsinn aavaapaa, fær en grufsinn mann. (Lyngdal).

17.

Paa Fønstelie budde dæ før langsammeleg ti sea ein gut, aa so hadde dei byggt upp ei ny stogu, som inkje va flutt følk inn i. Jolekvelln sette denna guten se te ville vente, te kjærasten synde se i den nybygde stogo. Best dæ va, kom dæ ein smell, aa inn kom dæ ei fullt tekomi gjente. Lei paa gav dæ ein smell te, aa ei blaattende ong gjente kom

drivans inn. Aa saa kom dæ ein dur so fæl, at dæ riste i stogo, so dæ gliste i veggjemote, aa daa kom dæ ein liten reivarongje innpaa bore, 'n sat ve. Men daa vart 'n rædd aa tok ut.

Han vart gjift tri vendu, aa dassann som synde se før 'n vart kjeringænn hass hørr sin tur. (Uvdal).

18.

Hallvor Saghaugen, gamle Dragern dei kalla, vilde faa sjaa denn, som skulde blia kjeringje hass. Julefta'n ette 'n hadde lauga se, so hopa 'n rondt laugarholken tri vendu, aa daa fekk 'n sjaa denn, 'n skulde blia gjift mæ. 'O va enda so trau te taka 'n, men 'n va so stridi og gav se inkje. — E veit no dei sa, 'n va te banka paa 'n far jamvæl; men sea fekk 'n no att dæ. Nokk æ dæ, 'n fekk gjenta. (Nore).

19.

Gjiftannes gjente maa kunna *sitta* aa klyppe heile sauen. (Lyngdal).

20.

Naa' ei gjente vaskær, aa 'o faar solvær aa go tørk paa klæo, saa æ guttænn gla i 'o. (Lyngdal).

21.

Gjenta maa kje legge fraa sei bønningen, uttas 'o har bønne a sneisa, fær da snur friærænn paa hall veig. (Lyngdal).

22.

Naa' vi sette skakke saatur, peka døm te den kanten, friærænn vaare skulle kaammaa ifraa, sa 'o bestemor. (Lyngdal).

23.

Døm, som æ fælt lønne paa leggænn, hører den vonne te. (Lyngdal).

24.

Naa' to tørkær sei paa samma kluten, saa græt den vonne. (Lyngdal).

25.

Dæ æ gæle aa pisse i nor, mæ samma en kjem opp om maaraann. „Har du pissa i nor aa inkje faatt froe paa?“ sa 'o bestemor te uss, naa vi va furtine, mæ vi va smaa. (Lyngdal).

26.

Enn maa kje pisse paa kønnaakeren, fær ellessaa bli brøe grubbe. (Flesberg).

27.

Naa' en stupær framover, naa' en skæ en stanna, saa sir døm: „Aa jau du raakær aa æren i dag!“ Lyngdal).

28.

Æ du kje go te snu dei heilt rundt paa den eine hælen, kjem du kje te orke aa tene ut aare ditt. (Flesberg).

29.

Denn, som æ løinn paa leggænn, har go sauelykke. (Flesberg).

30.

Dærsom du inkje ser ut etter enn, naa' 'n har være inne paa ei stelle, saa bli vardøggle hass att.

inne. „Je faar da faa ut vardøggle etter dei,“ raakær dæ døm sir, naa' døm ser ut etter folk, som jamnan vankær i huse aa æ væl kjende.

Vardøggle gaar fyry en au. Naa' en skæ te fjøse aa gje krøttera, rautær døm før døm ser en. Da æ dæ bærre vardøggle døm ser. (Lyngdal).

31.

Døm, som har gjort fælsk ei, har missta skuggen sin. (Lyngdal).

32.

Naa' dæ hænner noko gæle heime, kjenner en dæ paa sei. Mæ je va en guttonge, skulle je gaa et æren for 'o mor. Som je kom bori en mog, vart je liksom saa rædd aa rar, at je tok te aa lesa, ælt dæ je kunne. Da je kom heimatt, hadde stugo hølle paa aa brønne opp, mæ je va borte. (Svene).

33.

En skæ kje kaste gaannykle fraa sei, fær da kastær en lykka fraa sei (Lyngdal).

34.

En maa kje skvette ut reint vatn, fær da kjem en te felle saa mange taarær som dæ æ drøpør i dæ. (Flesberg).

35.

En skæ kje sope søpla *paa* folk, fær da sopær en ærmo paa døm. Aa inkje skæ en sope søpla te dynna, fær da sopær en ut folk. (Flesberg).

36.

Naa' en langfæring har vøre paa ei stelle i besøk, aa 'n inkje ser sei tebars, naa 'n reiser att, kjem 'n æller paa den staen meir. (Lyngdal).

37.

Naa' matgryta kokær midt i, skæ fræmmene kaammaa te eta a maten. (Lyngdal).

38.

Naa' kjuven glømmer att noko paa den stella, 'n har støle, faar døm kje tak i 'n. (Flesberg).

39.

„Di maa kje leike dekkann mæ værmen, ellaa kjem di te mige paa dekkann te natta," sa 'o mor, naa' vi ansa værmen. (Lyngdal).

40.

Naa' døm sitt aa et te kvælls, aa en slepper grautebetann i golve, saa sir døm te hannom: „Du kjem nok te kaammaa paa golve i natt, du." (Lyngdal).

41.

Faar kvinnfolka en brett paa stakken, som døm gaar mæ aa inkje veit a dæ, skæ døm snart bli fræmminn; æ bretten midt bak, æ dæ heiltopp sikkert. (Lyngdal).

42.

Naa' dæ knirkær i skoa, har du kje betalt skomakæren — dæ æ han, som lèt etter løna si. (Lyngdal).

43.

Døm, som gaar skoa inn, skæ bli rike; døm, som gaar døm ut, skæ dæ gaa ut mæ. (Flesberg).

44.

En maa kje lata maaen skjine paa sei, naa' en ligg aa søv om natta, men passe paa aa *hølle klæo væl over sei. (Lyngdal).

45.

Naa' en uvølannes bryt høl i fla'brøe, skæ en spørja døær-or. (Lyngdal).

46.

Døm, som nys hart, skæ faa en har dø. (Lyngdal).

47.

So'n min laag langt inni gruvunn paa Vinnorn. Da hørte han saa tydele Kongsbærklukkunn ei natt, han laag aa hølle vakt. Lite etter dø'n. (Svene).

48.

Et menneskje, som ligg aa strir mæ dø'n, skæ kje ha søll paa sei, fær da skæ stria bli saa mykkjy tyngre. (Lyngdal).

49.

Døm trudde dæ før, at hadde et menneskje drøkke a traug ell hævlur ell grytur ell andre ulaga kaappær, saa fekk dæ inkje døy, fær denna kaappen vart gveld over døm. Dæ va en mann uti Svene, som laag saa lengenn aa stridde aa fekk ikkje sløkne. Da baakaa døm paa aa gvelde ælle døm kaappær som fanns over 'n. (Lyngdal).

50.

Æ et menneskje sers gla antell i fjell ell skog ell vatn, skæ døm døy dær. 'O bestemor va æll sin dag saa gla i fjelle, aa dær fann døm 'o dø teslutten. Ho va fraa Nore. (Lyngdal).

51.

Naa' dæ regnær ell snøgær i opi grav, skæ dæ snart bli ei te. (Flesberg).

52.

Naa' dæ føljes to te grava fraa samma stella, skæ den trea au kaammaa etter, før aare æ ute. (Lyngdal).

53.

Naa' nokon misste noko a legeme, høgge a sei en fing ell om dæ berre vart ti ut ei tønn, saa gjømte døm dæ, aa dæ skulle følje mæ i kjista, naa' døm va døe.

Paa Paule paa Eiker va dæ saa urole. Saa fekk døm presten te sitta paa den salen, der detta hølles. Lei paa natt kom so'n paa gaaren, han va dø fær ei ti sea, aa gjikk bori ett skatthøll, 'n hadde hatt, aa læste opp aa tok ut ei blout tønn aa snudde aa vende paa. Tønna hadde hørt hannom te, aa saa hadde døm kje lagt 'o mæ i kjista, da 'n va dø.
Presten spurte 'n, haa dæ va 'n gjikk etter. Han svara, at 'n fekk inkje fre i grava, før 'n fekk attmæ sei tønna, men sjøl hadde 'n inkje magt te ta 'o. Døm fekk da tønna begraven paa kjøregaren, aa da vart dæ stillt.

*

Kristen Ullann høgge to fingær a son sin, han bestefar, Taastein Ullann, mæ 'n va liten. Dessa

fingænn vart gjømte, aa je høgsær, da 'n va dø, saa vart døm lagt i kjista mæ 'n. Han Taastein vart en gammæll mann, over 80 aar. (Svene).

54.

Han gamle Gu'brann Bjørhovden va i Vestre Ullann aa skulle gjøra kjista te Tollev Gvamsplassen, som dø' paa legd dær. Utpaa dagen glytte dæ paa dynna bori saammaarsstugo, dær 'n Tollev sto aa ærbette. Han gat inkje om detta den dagen, fær ingen skulle svælle om slikt, før 'n hadde søve, elles fekk 'n kje vara ifre fær denn, som va dø. Men dagen etter va 'n kje go te ana 'n maatte ut mæ dæ.

„'N va bori dynna aa glante etter, om kjista va færi i gaarefta," sa 'n.

'N trudde, dæ va 'n gamle Tøllev, som gjikk etter sei. (Svene).

55.

I et kammers paa Fjøre skulle dæ vara drepi et baan engong. Sea hørte døm ofte baanegraat i dæ kammerse aa paa gølve synte dæ en bloflekk, som døm inkje fekk vaske a. (Svene).

Dyr.

1.

En maa kje gje hesten drekke i mjølkekaappænn, fær du bli dæ seig mjølk. Vil mjølka bli seig, skæ en gvælve mjølkeringa over dass-høle, saa bli dæ slutt mæ dæ. (Flesberg).

2.

En skæ kje la hesten sjaa ne i mjølkeringa, fær da bli dæ ulag paa mjølka. (Lyngdal).

3.

Naa' ei kjyr har børe, aa døm har mjølka 'o, skæ døm gje 'o froa a mjølka si. Aassaa maa en høgse paa aa gaa inn i baasen te 'o paa høgre sia. (Lyngdal).

4.

Den kjyra, som fysst *gjore,* fysste venna buskapen vart bønninn inn paa utfjøse om vaaren, saa sa 'o bestemor te 'o: „Du kjem nok inkje te trivæs hær du," sa 'o. Dæ samma va dæ, naa' døm hadde bønne inn buskapen te vinteren. (Lyngdal).

5.

Naa' kælven dauær i kjyra aa tørkær inn aa gjør sei har som stein, kællær døm dette fostre bustein aa døm sir, at kjyra har bustein. (Lyngdal).

6.

Naa' kjyra viftær sei opp paa lenna mæ rompa, aa denn bli liggannes i en ring dær, sir døm, kjyra legg solring; da bli dæ fint vær. (Lyngdal).

7.

Naa' døm hadde mjølka kjyra fysste venna, etter 'o hadde børe, saa bar døm æller mjølka bar, anna døm sa: „I Jessu navn!" aa smetta ringa unner stakken aa bar 'o inn aa viksla 'o mæ en glo. (Svene).

8.

Naa' kjynnænn vart snaue paa ryggen om saammaaren, saa sa døm dæ, at kjynnænn hadde vørte skjybrende. (Svene).

9.

Naa' døm sleppte buskapen om vaaren, saa tok døm bjølla aa hadde 'o full a sælt aa ga ælle krøttera a dæ — da skulle døm kaammaa te føljæs saa godt i havna om saammaaren. (Lyngdal).

10.

„Den grove naavaaren, den grove naavaaren!“ sir hannkatten om vaaren.
„Kom hit, kom hit!“ svaaraar kjetta. (Flesberg).

11.

Naa' en tek mæ bærre hænnænn i en fuggl, saa kjem 'n te aa fryse ihæl. (Lyngdal).

12.

Døm hadde den trua døm gamle, at naa' ørmen stakk paa eggejønn, va dæ færbi mæ bette i dæ sea. (Lyngdal).

13.

Han gamle Ola Kølsru paa Eiker hadde faatt ei oppskrift a Per Dælen, husmann sin, hossen 'n skulle gjøra ve fær ørmestyng. Saa va dæ en gutt, som var ørmestøkken, aa saa fannt 'n denna lappen aa les dæ, dæ sto dær, tri vennur, men 'n maatte kje lea paa tonga mæ 'n las:

Ørmen laag unner linderot
aa stakk i Jessu fot.
Haaffær stakk du mei?
Fær je saag dei ei.
I navne Gud Fader, Søn, aa Helligaand.

Gjifta va gaatt i heile skrotten paa gutten, men 'o drog sei tebars neover aa gjikk utatt i hælen — dæ va dær 'n hadde vørte støkinn. (Svene).

14.

Dæ va et lite høl i Ærken, saa 'n hadde kømme te rønne full a vatn aa søkke, men saa sette ørmen spælen inn i, saa dæ vart tett. Dæfær skæ du æller slø ørmen paa spælen. (Lyngdal).

15.

Naa' en har sli en ørm, skæ en grava 'n ne. Sola vil heller skjine sju ælnir ne i jora, ell 'o vil skjine paa en ørm, sa 'o bestemor. (Lyngdal).

16.

En maa kje drepa „tømmermann", fær da kjem en te høgge sei, dæ fysste en tar i ei øks. (Lyngdal).

17.

Kjingelen har engong vøre et menneskje; men saa spotta 'n Jomfru Maria aa sa, at han skulle veva liksaa fin mæ føa, som ho gjore mæ hænnænn. Da skafte 'o 'n om te en kjingl. (Lyngdal).

Tidi og vere.

1.

Dæ va noko døm kælla ulykkesdagær; dæ va maandag, onsdag aa frædag. Da tore døm inkje gjifte sei ell gjøra andre vigtie ting, aa inkje bynnte døm mæ et ærbe, som hadde noko paa sei, nokon a døm dagænn. (Lyngdal).

2.

En maa æller sleppe krøttera en frædag, fær da har en inkje lykke paa døm om saammaaren. (Lyngdal).

3.

Frædagskvæln kællæs enkemannskvæln; da skæ enkemænnænn ut aa fri. (Flesberg).

4.

„Mærsi har," sir sauen.

„April værre," sir bekæren, han æ saa grov i maale.

„Mai mat," sir lamme, dæ har saa grant aa fint et maal. (Lyngdal).

5.

Naa' lauvskogen bli grøn fyry marka, bli dæ klent fóraar. (Flesberg).

6.

Naa' gøvla reiser tile norover om vaaren, bli dæ griug vaar; reiser 'o tile sørover att om høsten, bli dæ tile vinter. (Flesberg).

7.

Naa' heggen blømer, æ dæ saati fær bygge. (Lyngdal).

8.

Naa' tryta bit aa snakær paa fiskelinnunn om høsten, bli dæ lang utegong fær krøttera. (Lyngdal).

9.

Naa' tælann kjem i neænn, gaar 'n oppatt. (Flesberg).

10.

Naa' linna bynner i høgda, skæ dæ kaammaa tri i renn, som æ striære fær hver gong; den sisste bli ælle haræst. (Lyngdal).

11.

Naa' tora slær i nor, bli dæ kælt aa opphællsvær etter. (Lyngdal).

12.

Døm hadde den trua døm gamle, at torevær-men va kje aa faa sløkt mæ vatn; dæ va kje anna enn mærremjølk, som va aa faa sløkt 'n mæ. (Lyngdal).

Sjukdom og lækjeraadir.

1.

Dæ æ et gras, som kællæs vortegras, som døm gnudde inn *vortunn* mæ, saa døm skulle bli borte (Lyngdal).

2.

Dæ æ en slags gul maasaa, som veks paa hus-veggjinn, som døm koka ut i vatn aa drakk søe a fær *gulsotta*. (Lyngdal).

3.

Døm tok rota a kolmegras, kærva 'o smaa aa koka 'o i søt mjølk aa drakk fær *kullykk*. (Lyngdal)

4.

Før *kulika* drak dei lake av gamallost. (Uvdal)

5.

Je va saa rein ille a *tanneværk*. Saa va dæ nokon, som sa te mei, at je skulle præka innmæ tænnænn, saa je blødde, mæ pinnær a ni slags lauvve, aa saa gaa sta aa gjømme dessann pinnænn paa ei stelle je æller kom meir. Je gjore dettann, aa je hadde inkje tanneværk paa over ett aar etter. (Svene).

6.

Kveisa trudde dei aat dei *henta,* aa dei trudde inkje dæ va alle, som skulde ha 'o. (Uvdal).

7.

Før *tussebit* tok dei ein agnemakk aa la paa den kleine stella; naar makken daua, va dei goe att. (Uvdal).

8.

Ambjør Gubbrannsdatter Kjennaas hadde *tussebette*. Mæ 'o va ei smaagjente, va 'o bori et utgjore hær, aa da fekk 'o dæ. 'O hadde et saar ve knee, som inkje grodde att, fær etter 'o vart vaksinn. Stutthælt vart 'o æll sin dag. (Svene).

9.

Elværgust va nokon store flæsur, som slo ut. Je hadde dæ mæ je va ong; je vart rekti, som je skulle vørte ørmestøkkenn i heile anlete aa fekk saa vondt i hue; men hadde naa detta utslage paa kroppen elles au. Døm fannt elværnævver aa koka, aa saa skulle je smørja mei mæ detta. Aa borte vart dæ. (Svene).

10.

Naarisla va noko utslag dæ au, smaa knuppær. Døm fannt brenn-nesle aa koka aa smurte sei mæ den logen. (Svene).

11.

Niri Fugglli ell Lakken fekk *grisefange* i Fugglli. 'N let, som en gris, saa døm fekk kje saavaa. Niri va a tysk herkomst aa va bortsett paa bygda. Je kann høkse, 'n va heime. Før 'n bynnte mæ denna laaten, saa hiksta 'n et bel, aa saa sette 'n truten innpaa den værme ømnsrøyren, men hiksta gjore 'n like gæle. (Svene).

12.

Trølle sette sei te som en værk i skraaten, men vart te noko, som kunne ligne kræft, vi naa kællær. Døm trudde dæ va folk, som kasta dæ paa døm. (Svene).

13.

Før *krilla* røykte dei se mæ elvenæver. (Uvdal).

14.

Fær *longebetænnels* hadde døm kje andre raair før, enn døm aarelatte. Døm, som dreiv mæ den aarelatinga, visste haa 'o gjikk henn denn aa denn aara paa ærmen — dæ va dær, døm vekkte aarinn. (Svene).

15.

Lusesjuken fær folk, før døm skæ døy. Døm faar noko lus, døm kællær hælmaur. Dæ ser nettopp ut, som 'n skulle kaammaa ut tor holle paa døm. (Svene).

16.

Hærslevatn bruka døm te aa fordrive veggjelusa mæ, meinje, aa saa bruka døm dæ te smørja sei mæ fær *gjikt* aa anna vondt. (Svene).

17.

Naa' ongænn hadde *saarkje* aa anna utslag, la døm døm opp i smiuavlen aa bles paa døm, saa døm va færie te glaa tor. (Svene).

18.

Naa' nokon hadde, du vil seia en *vokst* en stanna, saa hadde døm en dø en te aa bite over dæ aa struke over dæ mæ hanna, saa vart dæ borte. (Svene).

19.

Døm tærra mauren i tuva aa la sei over 'o mæ anlete aa saup i sei a mauremege; dæ va ei raa døm bruka fær *tæring*. (Lyngdal).

20.

Før *utslag i anlete* vaska dei se i steinvatn; dæ va vatn, som hadde stande att i hølur i steinar, etter dæ hadde regna. (Uvdal).

21.

Fekk ongann *raue hellur* utover kroppen, so bruka dei o rispe krøssur over dassan hellunn, daa gjekk dei burt att. (Uvdal).

22.

Hadde ongann *verk* ell ana vondt, so la dei paa agnemakk. Hadde dei *øyreverk*, so la dei ein agnemakk i øyrae paa se. Va dæ trøllmennar ell trøllkjerringar, so daua makkjen. (Uvdal).

23.

For *øyreverk* veit e far tok ein naavaar o baaraa mæ, te 'n vart varm, o so tok 'n lite smør o hadde paa skjære o rende etter dæ o inn i øyrae. (Nore).

24.

Naar *noko vondt sette seg fast* i skrøtten, so maatte ein prøve faa vendt dæ innan tri solrenninga, ellso hadde dei liti tru paa, aat dæ konna greie se. (Uvdal).

25.

Dei skulde bite tri gongur over tommeslein o sputte paa før hørr gong før *kroksvelg*. (Uvdal).

26.

Dæ va eingong ei kjerring, som skulde liggje aat seng paa sætre. Ein dag kom dæ ei fælande stor mus te hena paa vollen.

„E ska stelle de i baansengje, e,“ sa 'o. (Uvdal).

27.

Tussebett va dæ inkje lite a før. Je høksær mange som har hatt dæ berre i mi ti. Dæ bynner mæ at dæ flyg opp ei lita blaase, helst paa beine, aa dæ verkjer saa beine bli baade gult aa blaat aa svart. Aa ser du væl etter, skæ du sjaa dæ kjem ett lite svart dyr tor blaasa. Noko serskjilt raa va dæ inkje fær sjuka; døm bruka mykkjy aa læsa over brennvin aa smørja paa verken. (Lyngdal).

28.

Aa *stemme urørt blo* æ farlenn. Løyser den, enn har stemt paa ell enn a'n trølldommen, lyt enn sjøl døy. Da kjem dæ an paa, haak'n som kann mest.

Dæ hende hær nei Flesber' enn gong. To va uvenner. Saa stemte den eine bloe i den andre; men hin løsste fjettringa att sjøl. Et lite bel etter blei den fysste sjuk aa dø. (Flesberg).

29.

I gamle dar *kasta døm aafte vondt* paa krøttera fær enn'nan. Døm la enn ting dær krøttera aat ell drakk. Men va 'n rekti snerp aa fekk kasta dæ attende i krøtterflokken aat den, som hadde gjort dæ, gikk ulykka ut over hass egne krøtter. Døm kasta jamt vondt paa gjeitenn aat enn'nan, naa' døm va ute om vinteren aa nuppa aa aat bar. (Lyngdal).

30.

Naa' krøttera har Muro, staar døm svette aa vaate i tørt, vart fjøs. Ei go raa mot denna sjukdommen va aa ta enn murukvast, som veks paa furu; men enn maa kje gaa over veig, som dæ æ fara mæ lik paa, mæ 'n. Kvasten skulle enn henge i take over kjyra.

Ei a'n raa va aa skjyte ei skjæra aa slaa 'o fast mæ staal over kjyra. (Lyngdal).

31.

Naa' krøttera staar uætt, veit je inkje bære raa enn aa ta ei fille, som dæ æ hatt kjyru aa sælt paa, aa gnu gommen mæ denn. Je har prøva dæ saa jamt, aa hjelpt har dæ.

Somme bruka mykkjy aa høgge hol paa ei aar i tonga mæ ei aarelatarbil. Døm sa dæ hjølte.

Dæ hente au, at døm opna den store halsaara, aa let dæ kaammaa en to-tri spritær. Enn maatte stramme ett taug kring hælsen paa kjyra, saa aara synte sei, elles va dæ vondt nettopp aa raake 'o. (Lyngdal).

Smaavers som baana hadde fær sei.

(Fraa Lyngdal).

I.

Naa' vi satt aa banka paa fløyte-emne aa ville faa dæ te gaa, saa sa vi:

„Appe ippe, vil du gaa,
saa skæ du faa
kjøtt aa kaal
i kongens gaar
aa to skjelling attpaa."

II.

Naa' vi gjikk etter ennann, saa sa 'o bestemor:

„Fyriflæse mæ lort i næse,
Møllomhest æ ælle best,
Etterhakke mæ lort i nakke."

III.

Naa' vi ga ennann sisten, saa sa vi:

Sisten har du,
aa skamma dra du,
aa lusa bær du i lomma."

IV.

„Mor,
katta æ i skaape aa skór,
vi drar 'o i rompa aa faar 'o kje tor,"

sa vi, mæ vi va smaa.

V.

Kari aa Mari aa Mette
døm flaadde ei gammæll graa kjette;
Kari ho fekk et par vintersko,
men Mari aa Mette fekk inkje no'.

VI.

Ola paa Tora slo gampen i hæl,
stekt'n aa aat 'n aa lika 'n saa væl.
Ola paa Tora mæ lite-graatt skjægg,
lever 'n lengenn, saa værper 'n ægg.

VII.

Han Flaks tok 'n Fingær aa hæggla te skøgs,
Ho Hæljemor etter mæ tømmerdraag aa øks.

VIII.

Ola Dilt, Ola Dalt, Ola Spikjisill aa sælt;
Ola My'-smør-i-klot,
Ola Jammer-i-brok,
Ola Bææææ.

Innhald

398 a 1.eks.

Flatin, Tov.

Gamalt fraa Numedal.

V.

Flatin.

Gamalt frå Numedal

V